

# VERKSEMDSANALYSE - Øystre Slidre kommune

Statusrapport per august 2015



REIN NATURGLEDE !

NY GOD PLASSERING FOR ØYSTRE SLIDRE !



nr. 56

## Øystre Slidre

nr. 68 uten justering for inntektsnivå

Nøkkeltallene er klart bedre enn disponibel inntekt skulle tilsi

Øystre Slidre kommune er på 56. plass i den endelege versjonen av Kommunal Rapport si årlege kåring av landets beste kommunar; "Kommunebarometeret 2015".

Dette er fjerde året på rad at kommunen blir rangert som ein av landets beste kommunar. I fjor var vi rangert som nr 23 (vi var nr. 30 i den førebelse versjonen som lå til grunn for verksemdsanalysen). Best plassering hadde kommunen i 2011, då vi kom på 5. plass.

Kåringa vart i år vunne av Oppdal kommune (Sør-Trøndelag), foran Gloppen (Sogn og Fjordane) og vinnaren av fjorårets kåring, Høylandet (Nord-Trøndelag). Best i fylket i år var Lesja kommune (kom på 18. plass). Øystre Slidre kom best ut av Valdreskommunane i Kommunebarometeret.

Øystre Slidre gjer det i år særleg bra på området *kultur*, der vi kjem på 30. plass. Også innan kriteriet *økonomi* er vi rangert blant dei 100 beste kommunane i landet.

Kommunebarometeret er i stadig utvikling, og kriteria blir difor noko endra/ulikt vekta for kvart år. Basert på årets kriterier, har kommu-

nen vore stabilt blant dei 100 beste kommunane i landet, og har gått opp 15 plassar frå 2014.

Totalplassering (justert for inntektsnivå)			
Barometer- år	Rapportert	Korrigert til 2015-utgaven	Korrigert inntekt (100 = snitt)
2015	56	56	101
2014	23	41	101
2013	30	37	103
2012	35	65	98
2011	5	86	105
2010	135	81	105

### Saker av interesse:

- [SJÅ DETALJANE FRÅ KOMMUNE-BAROMETERET, OG LES KOMMUNAL RAPPORT SINE KOMMENTARAR OM ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE](#)
- [SJÅ KORLEIS KOMMUNEN SCORAR PÅ ELEVUNDERSØKINGAR, GRUNNSKULEPOENG OG NASJONALE PRØVER](#)
- [BLI KJENT MED ORGANISASJONEN OG EINGANE I KOMMUNEN](#)
- [SJÅ EIN PRESENTASJON AV NYE ROGNE BARNEHAGE](#)
- [LES KVA EINGANE SJØLVE MEINER ER BRA, OG PÅ KVA OMRÅDE VI BØR BLI ENDA BETRE](#)

### Innhald:

OM VERKSEMDSANALYSEN	2
KOMMUNEBarometeret	3
STABEN	6
OPPLÆRING OG KULTUR	7
HELSE OG OMSORG	19
TEKNISK DRIFT	27
PLANAVDELINGA	29
NÆRING OG BYGGESAK	30

Som tidlegare har vi fått Ole Petter Pedersen (utviklingsredaktør i Kommunal Rapport og "mannen bak" Kommunebarometeret) til å gje utfyllande kommentarar til resultatata i Øystre Slidre kommune. Dei overordna kommentarane er å lese på side 3-5 i dette heftet, medan kommentarane knytt til kvart einskild tenesteområde kjem fram som innleiing til presentasjonen av dei ulike tenestene. Merk at kommentarane er basert på den førebelse analysen, og at det kan ha skjedd små endringar i vurderinga etter at kommentarane er skrivne.

## Om verksemdsanalysen

Nøkkeltal 2014 (kjelde: KOSTRA)

Eigenkapital	318.582.000
Langsiktig gjeld	510.707.000
- av dette pensjonsforpliktingar	327.068.000
Driftsinntekter brto	263.867.000
Driftsutgifter brto.	270.111.000
Brutto investeringsutgifter	29.033.000
Lønsutgifter, inkl. sos. utg	157.752.000
<b>Brto driftsutg. i %</b>	
- adm. og styring	9,1%
- barnehagar	8,3%
- grunnskule	19,6%
- helse og omsorg	32,5%
- sosialteneste	3,1%
- barnevern	1,1%
- vatn, avløp, renovasjon	8,6%
- fys. planl., kulturminne, natur/nærmilj.	1,0%
- kultur	2,8%
- kyrkje	1,1%
- samferdsel	1,1%
- bolig	0,9%
- næring	6,1%
- brann/ulykkesvern	1,6%
- styring og kontrollverksemd	0,8%
- tenester utanfor komm.ansvar	0,3%
<b>Befolkning</b>	
Folketal per 31.12	3 199
<b>Areal</b>	
- landareal	880,75 km <sup>2</sup>
- vatn	82,35 km <sup>2</sup>
<b>Organisasjon</b>	
Årsverk 2014 (eigne tal)	244,6

Dokumentet skal i utgangspunktet presentere heile den kommunale drifta, og det er lagt ein felles mal til grunn i førearbeidet.

I margen er det lista opp ei enkel samanfatning, med kriteria henta frå objektive kjelder (som t.d. KOSTRA-tal, Kommunebarometeret, medarbeidarkartlegging og brukarundersøkingar) og subjektive analyser (utført av tenesteområda sjølve).

Presentasjonen er i ei enkel form, med mykje bruk av far-

gekoder. Utgangspunktet for fargekodene er ei vurdering på ein skala frå 1-6 der seks er best score. 1-3 gjev raud farge, 3-4 gul, medan score frå 4 og oppover gjev grøn farge. Etersom det er stor grad av subjektivitet i analysen, har vi vald berre å presentere fargene når det ligg eigenvurderingar til grunn.


**Alle tal som kjem konkret fram i analysen er utarbeida av andre, og skal vere objektive.**

I tillegg blir kvar avdeling presentert med om lag ei side kvar med tekst for å gje ei meir utfyllande skildring av spesielle forhold, med utgangspunkt i tre forhold: Kvalitet, Effektivitet og Medarbeidarar, men det er også utfyllande kommentarar til funn i Kommunebarometeret, medarbeidarkartleggingar og brukarundersøkingar der dette er naturleg.

### Hovudmål for Øystre Slidre kommune

- Øystre Slidre kommune skal vere landets beste bu- og besøkskommune, og vere blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
- Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjar.
- Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen.
- Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
- Øystre Slidre kommune skal heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

### ORGANISASJONSKART ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE



# KOMMUNEBAROMETERET 2015

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

## Hva forteller tallene?

Kommunen får en veldig god plassering på totaltabellen i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret fra Kommunal Rapport. Vi har gjort noen endringer i metoden. De har samlet en marginalt negativ effekt på plasseringen til Øystre Slidre. Plasseringen totalt er omtrent som for ett år siden, når vi ser på indikatorene som er brukt i 2015-barometeret.

Nøkkeltallene gir en veldig god plassering innen kultur. Det er også Topp 100-plassering innen økonomi og grunnskole. I de fleste andre sektorer havner kommunen midt på eller like over midten av tabellen. Øystre Slidre kommer litt dårlig ut hva gjelder barnevern, det er ikke noe nytt. Totalt er profilen positiv, og en god del bedre enn i normalkommunen. Nøkkeltallene er klart bedre enn disponibel inntekt skulle tilsi. I totaltabellen – og bare der – justerer vi for kommunens inntektsnivå. Det har liten praktisk betydning for Øystre Slidre.

En annen måte å vurdere kommunen på, er å se hvordan nøkkeltallene utvikles over tid. I Øystre Slidre er andelen nøkkeltall som har blitt forbedret det siste året, en god del mindre enn andelen som har blitt dårligere. Nasjonalt er det om-

trent like stor andel nøkkeltall som har blitt bedre, som dårligere. Å måle egen utvikling på denne måten, kan være vel så relevant for den enkelte kommune som plasseringen totalt i Kommunebarometeret. Å stadig ha bedre nøkkeltall bør indikere at kommunen leverer bedre enn før – og omvendt. I de kommunene med mest positiv profil er det ikke uvanlig at to tredeler av nøkkeltallene har blitt bedre.

Hovedkonklusjoner basert på nøkkeltallene:

- Skoleresultatene er middels på 10. trinn – klart bedre på nasjonale prøver. Frafallet på videregående blant elever fra kommunen er nå omtrent som snittet og har falt betydelig
- Noe mer institusjonsbasert eldreomsorg enn i normalkommunen. Flere ansatte har fagutdanning, andelen er nå høy. Høyere andel plasser for demente enn i mange andre kommuner
- Nesten fire av ti undersøkelser i barnevernet tok mer enn 3 måneder. Statistikken er dårlig over tid
- Korrigert netto driftsresultat var svakt i fjor, det er uvanlig. Høye investeringer øker gjelda – men den er fortsatt lav
- Kostnadene øker klart både innen grunnskole og pleie og omsorg – det koster

”KOMMUNEN FÅR EN VELDIG GOD PLASSERING PÅ TOTALTABELLEN I DEN FORELØPIGE UTGAVEN AV KOMMUNEBAROMETERET FRA KOMMUNAL RAPPORT.”

”I ØYSTRE SLIDRE ER ANDELEN NØKKELTALL SOM HAR BLITT FORBEDRET DET SISTE ÅRET, EN GOD DEL MINDRE ENN ANDELEN SOM HAR BLITT DÅRLIGERE.”

## Plassering innen hver enkelt sektor - nasjonalt

	Vekt (%)	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Grunnskole	20			166	201	124	103
Eldreomsorg	20	185	48	154	120	174	201
Barnevern	10	384	346	384	248	373	261
Barnehage	10	111	107	31	48	57	166
Helse	7,5	359	283	234	192	131	253
Sosial	7,5	78	146	92	167	280	137
Kultur	2,5	138	124	73	80	56	30
Økonomi	10	47	78	82	32	45	93
Kostnadsnivå	5	50	140	98	189	218	248
Miljø og ressurser	2,5	174	265	367	363	412	396
Saksbehandling	2,5				311	164	171
Vann, avløp og renovasjon	2,5	112	78	51	71	171	153

Plasseringene er oppdatert med nøkkeltallene som er brukt i 2015-barometeret. Sammenliknbar serie

”KOSTNADENE ØKER KLART BÅDE INNEN GRUNNSKOLE OG PLEIE OG OMSORG – DET KOSTER”

## Økonomi

"KORRIGERT

NETTO

DRIFTSRESULTAT

VAR DÅRLIG I

FJØR – KLART PÅ

MINUSSIDEN. MÅLT

OVER SISTE

FIREÅRSPERIODE

HAR MARGINEN

VÆRT GOD."

"NETTO

LÅNEGJELD

LIGGER GODT

UNDER

LANDSGJENNOM-

SNITTET."

"INVESTERINGS-

NIVÅET VAR LITT

HØYERE ENN I EN

GJENNOMSNISSLIG

KOMMUNE I FJØR.

NIVÅET HAR OVER

TID LIGGET OVER

GJENNOMSNISSLIG."

## Karakter og plassering

6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5:  
Nærmere de beste enn de svakeste

## Plassering

ØKONOMI	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste år (10% vekt innen sektoren)	6,0	6,0	5,4	3,4	2,5	16	2	47	175	318
DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste fire år (20%)	5,6	6,0	6,0	6,0	5,4	30	7	6	9	33
DISPOSISJONSFOND: I prosent av brutto driftsinntekter (10%)	5,8	6,0	6,0	6,0	6,0	23	13	13	16	19
NETTO LÅNEGJELD: I prosent av brutto driftsinntekter (15%)	4,5	4,4	4,3	4,9	4,4	120	135	122	90	122
ENDRING LÅNEGJELD: Endring i prosentpoeng siste fire år (5%)	1,8	1,3	2,1	3,5	3,7	381	396	369	271	248
NETTO FINANSUTGIFTER: I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag (5%)	4,0	4,9	4,5	4,3	4,3	81	41	65	74	68
INVESTERINGER: I prosent av brutto driftsinntekter (10%)	2,2	1,2	5,1	4,1	2,7	383	403	136	260	364
INVESTERINGER: Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekter (10%)	1,9	1,1	2,0	2,6	2,8	383	406	388	345	344
LÅN: Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år (5%)	3,1	4,1	5,8	5,4	3,9	178	79	26	34	99
PREMIEAVVIK: Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter (10%)	3,8	3,9	3,2	3,0	2,6	294	285	298	330	339

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

Korrigert netto driftsresultat var dårlig i fjor – klart på minussiden. Målt over siste fireårsperiode har marginen vært god. Kommunen har et meget stort disposisjonsfond. Det kan være fornuftig, men har kommunestyret et bevisst forhold til hvor mye som skal stå på fond? Kommunen skal ikke være bank heller. Disposisjonsfondet er veldig mye større enn det oppsamlete premieavviket i balansen.

Netto lånegjeld ligger godt under landsgjennomsnittet. Netto finans, før avdrag, ga en inntekt på 0,9 prosent av brutto driftsinntekter i fjor. Kommunen har altså her en liten ekstraintekt, som ikke blir tatt høyde for i beregningen av korrigert inntekt. Investeringsnivået var litt høyere enn i en gjennomsnittlig kommune i fjor. Nivået har over tid ligget over gjennomsnittet.

## Enhetskostnader

## Karakter og plassering

6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5:  
Nærmere de beste enn de svakeste

## Plassering

ENHETSKOSTNADER	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
GRUNNSKOLE: Korrigerte netto utgifter til grunnskolesektoren (inkl SFO), 1.000 kr per innbygger (30%)	4,2	4,1	3,7	3,0	2,9	217	227	268	309	337
PLEIE OG OMSORG: Korrigerte netto utgifter til pleie og omsorg, 1.000 kr per innbygger (35%)	4,7	5,5	5,2	4,8	4,5	144	52	89	128	169
BARNEHAGE: Korrigerte netto utgifter per barn i barnehage, 1.000 kr per innbygger (15%)	5,4	6,0	4,4	5,0	5,3	78	7	230	122	85
BARNEVERN: Korrigerte netto utgifter per barn med tiltak i barnevernet, 1.000 kr per innbygger (5%)	5,6	5,1	5,4	5,4	5,7	36	75	66	59	47
SOSIALTJENESTE: Korrigerte netto utgifter per innbygger, 1.000 kr per innbygger (5%)	2,4	2,7	2,9	4,6	4,1	354	343	336	150	228
KOMMUNEHELSE: Korrigerte netto utgifter per innbygger, 1.000 kr per innbygger (5%)	3,8	4,6	5,1	4,8	4,5	291	179	129	161	195
ADMINISTRASJON: Korrigerte netto utgifter per innbygger, 1.000 kr per innbygger (5%)	5,0	4,7	4,6	3,4	2,8	149	184	221	337	365



Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

Kostnadene økte i 6 av 7 sektorer i Øystre Slidre i fjor, ifølge Kostra-tallene. Det er etter at vi har tatt hensyn til prisstigningen i kommunal sektor. Kommunens kostnader varierer mellom ganske lave innen barnevern og barnehage, og relativt høye innen grunnskole og administrasjon.

Innen grunnskolen ligger kommunen om lag 3200 kroner høyere i drift per innbygger, enn de billigst drevne. Kostnaden er 28 prosent over gruppa av billige kommuner. Utviklingen er negativ – for tre år siden var Øystre Slidre klart rimeligere enn normalkommunen her. Kostnaden øker klart. Hva gjelder pleie og omsorg ligger Øystre Slidre rundt 2400 kroner høyere i drift per innbygger, når vi måler mot dem som er rimeligst i drift. Kostnaden ligger 18 prosent høyere enn de som kan kalle seg billigst. Kostnaden økte også her i fjor.

Tallene for barnehage viser at kommunen er omtrent 400 kroner dyrere enn de billigste. For barnevernet viser Kostra at kommunen er om lag 100 kroner dyrere enn de som driver billigst. Her er kostnaden stabil og altså lav.

### Samanlikning med andre Valdreskommunar



”KOSTNADENE ØKTE I 6 AV 7 SEKTORER I ØYSTRE SLIDRE I FJOR, IFØLGE KOSTRA-TALLENE. DET ER ETTER AT VI HAR TATT HENSYN TIL PRISSTIGNINGEN I KOMMUNAL SEKTOR.”

”KOMMUNENS KOSTNADER VARIERER MELLOM GANSKE LAVE INNEN BARNEVERN OG BARNEHAGE, OG RELATIVT HØYE INNEN GRUNNSKOLE OG ADMINISTRASJON.”

# STABEN

## Kvalitet

Resultat for brukerne	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Brukermedvirkning	■

## Effektivitet

Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Kompetanse	■
Bemanningstetthet	■

## Medarbeidarar

Trivsel	■
Utvikling	■

## Kvalitet

Stabsavdelinga har m.a. ansvar for lønn/personal, rekneskap, sentralt postmottak, arkiv, sentralbord, politisk møtesekretariat, informasjon (i praksis nettsider og beredskapsinformasjon), skjenkeløyver og ulike andre støttefunksjonar overfor verksemdene, i hovudsak knytt opp mot Opplæring og kultur.

Stabsavdelinga er sentral i ulike prosjekt, som til dømes «Det moderne Øystre Slidre», innføring av digitalt kvalitetssikringssystem og ulike interkommunale samarbeidsprosjekt.

Stabsavdelinga er ei "intern" avdeling, som i hovudsak skal medverke til at dei tenesteytande delane av organisasjonen fungerer godt, og at kommunen sine leiarar får tilgang til god styringsinformasjon. I tillegg til dette er staben sentral i budsjettarbeidet, særleg knytt opp mot lønnsbudsjettet (som utgjer nær 60% av samla driftsutgifter i kommunen)

Når kvaliteten/resultat for brukarane av staben skal evaluerast, vil dette difor i hovudsak være ei intern evaluering - evaluering utført av dei tenesteytande delane av verksemda til kommunen og leiarane i kommunen.

Sjølv om det ikkje er gjennomført spørjeundersøkingar internt i verksemda, tyder tilbakemeldingar på at dei ulike verksemdene er godt nøgde med stabsavdelinga.

Den største utfordringa framover ligg truleg i etablering av nye arkivrutiner i samband med overgang til fullelektronisk arkiv og vidareutvikling av informasjonsarbeidet.

Det er ein bevisst strategi for kommunen å satse på nettsidene, særleg knytt til arbeidet mot større grad av sjølvbetening (såkalla "døgnoopen forvaltning") gjennom dei kommunale nettsidene.

Innføring av digitalt kvalitetssikringssystem hausten 2014 har forenkla tilgangen til interne rutiner og reglement i betydeleg grad.

## Effektivitet

Det finst ikkje relevante samanlikningstal i KOSTRA for driftsutgifter i staben.

Stabsavdelinga har fleire tilsette med lang fartstid i kommunen og stor realkompetanse.

## Medarbeidarar

Arbeidsmiljøet i staben er prega av stor grad av trivsel. I medarbeidarundersøkinga gjennomført i 2014 var avdelinga blant dei i kommunen som scora aller høgst på spørsmål relatert til samarbeid og

## Visste du at...

- ...det i 2014 vart registrert til saman 6788 ut- og inngående dokument til kommunen?
- ...kommunen i 2014 inngjekk 168 nye arbeidsavtaler?
- ...sjukefråværet i Øystre Slidre kommune er lågare enn gjennomsnittet i kommune-Noreg og i Valdres? Fråværet i 2014 var på 6,9%.
- ...Øystre Slidre kommune for tida har over 40 ulike skjema tilgjengeleg gjennom sine nettsider, og av desse er nær halvparten tilrettelagt for elektronisk utfylling og innsending?
- ...det store fleirtalet av søknader om stilling i Øystre Slidre kommune no kjem inn elektronisk?

"STABSAVDELINGA ER EI "INTERN" AVDELING, SOM I HOVUDSAK SKAL MEDVERKE TIL AT DEI TENESTEYTANDE DELANE AV ORGANISASJONEN FUNGERER GODT, OG AT KOMMUNEN SINE LEIARAR FÅR TILGANG TIL GOD STYRINGSINFORMASJON."

# OPPLÆRING OG KULTUR

## GRUNNSKULE - Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskole-poeng siste fire år (10 % vekt i sektoren)		2,6	2,8	3,6	3,3	167	275	238	172	190
AVGANGSKARAKTERER: Gjennomsnittlige grunnskolepoeng siste år (5 %)	3,6	1,9	3,9	4,9	3,1	167	359	146	78	233
FRAFALL: Andel elever ikke fullført og bestått videregående innen fem år, snitt siste fire år (20 %)	3,0	2,2	2,6	3,7	3,1	240	296	283	178	227
NP 5. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)		5,3	5,4	6,0	5,2		60	44	20	47
NP 5. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)		5,3	5,3	5,4	5,5		38	31	31	33
NP 8. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)		5,6	5,1	5,3	4,4		33	49	47	100
NP 8. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)		3,4	4,3	4,4	4,9		170	101	107	80
NP 9. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)		5,4	5,7	5,1	5,2		33	30	44	43
NP 9. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (5 %)				5,1	4,0				51	140
UTDANNING: Andel lærere m/høyere utd. og pedagogisk utd., 1.-10. trinn (10 %)	5,6	5,7	4,8	4,3	4,2	43	39	107	186	183
TRIVSEL: 7. trinn, snitt siste fem år (5 %)		3,4	3,9	4,4	5,1		316	260	204	120
TRIVSEL: 10. trinn, siste fem år (5 %)		4,1	3,4	3,3	3,1		221	322	329	337
SPECIALUNDERVISNING: Andel elever med slik undervisning, snitt siste fire år (5 %)	4,0	4,2	4,0	3,7	3,8	228	194	231	252	248
LEKSEHJELP: Andel elever 1.-4. trinn som har leksehjelp (5 %)		3,1	2,0	1,8	4,0		218	325	334	101
SFO: Andel ansatte i SFO med relevant utdanning (5 %)	1,0	1,0	1,2	3,4	4,3	407	405	403	179	103

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

**Nasjonalt:** Nasjonale prøver og grunnskolepoeng er viktigst. Frafallet i videregående skoler er også vektet høyt; det hjelper lite med gode resultater på ungdomsskolen hvis mange ikke fullfører og består eksamen på videregående skole. Tall for trivsel og frafall er ett år gamle. Utviklingen på nasjonale prøver måler kommunens elever mot resten av Skole-Norge for det aktuelle året. Man kan anta at det nasjonale nivået ikke endres vesentlig fra år til år. Andre nøkkeltall som ikke er brukt i barometeret viser at både skolene og gruppene gradvis blir større. Kommunene holder samtidig kostnadene nede; korrigert for kommunal prisstigning falt kostnaden samlet til grunnskolen (målt per innbygger).

### Om Øystre Slidre spesielt

Avgangskarakterene på 10. trinn har vært omtrent middels de siste årene. På nasjonale prøver presterer elevene i hovedsak klart bedre enn dette. Er det potensial for å heve nivået på 10. trinn? Frafallet

på videregående skole blant elever fra kommunen er omtrent som landsgjennomsnittet. For mange kommuner er kanskje frafall en viktigere målestokk enn karakterer i grunnskolen. Det er godt dokumentert at å motarbeide frafall må starte i grunnskolen.

Andelen elever som får spesialundervisning er høyere enn landsgjennomsnittet (som er 8 prosent). Andelen er omtrent den samme som året før. Fra i år måler vi også omfanget av leksehjelp på 1.-4. trinn. Andelen som får leksehjelp økte betydelig det siste året.

”AVGANGSKARAKTERENE PÅ 10. TRINN HAR VÆRT OMTRENT MIDDELS DE SISTE ÅRENE. PÅ NASJONALE PRØVER PRESTERER ELEVENE I HOVEDSAK KLART BEDRE ENN DETTE. ER DET POTENSIAL FOR Å HEVE NIVÅET PÅ 10. TRINN?”

”ANDELEN ELEVER SOM FÅR SPESIALUNDERVISNING ER HØYERE ENN LANDSGJENNOMSNIET.”


## GRUNNSKULE - Elevundersøkinga 2013/14

”BARNESKULANE SCORAR FOR DET MESTE OVER ELLER LIKT NASJONALT NIVÅ.”


”DET ER SVÆRT GLEDELEG AT DET ER SÅ HØGE SCORE PÅ INDIKATORANE «VURDERING FOR LÆRING» OG «LÆRINGSKULTUR», FOR VI VEIT AT DESSE INDIKATORANE ER VIKTIG FOR LÆRING.”

”RESULTATET PÅ INDIKATOREN UTDANNING OG YRKESRETTELEIING LIGG I ØSK UNDER NASJONALT. DETTE KAN SKULDAST AT YRKESRETTELEIINGA PÅ SKULEN ER LAGT TIL VÅREN OG UNDERSØKINGA VAR GJORT PÅ HAUSTEN.”

Elevundersøking 7. trinn



Elevundersøking 10. trinn



### Kommentarar til elevundersøkinga

Barneskulane scorar for det meste over eller likt nasjonalt nivå. Det er svært gledeleg at det er så høge score på indikatorane støtte frå heimen, vurdering for læring og læringskultur, for vi veit at

desse indikatorane er viktig for læring.

Når det gjeld mobbing er resultatet dårlegare enn nasjonalt nivå. Dette skuldast to mobbesaker, ei på kvar barneskule.

Ungdomsskulen scorar for det meste over eller likt nasjonalt nivå. Det er svært gledeleg at det er så høge score på indikatorane «vurdering for læring» og

«læringskultur»), for vi veit at desse indikatorane er viktig for læring.

Når det gjeld støtte frå heimen, er resultatet litt under nasjonalt nivå. Det vil i tida framover satsa ekstra på å få til eit godt samarbeid heim-skule m.a. for at foreld-

ra skal engasjere seg i skulen og læringsarbeidet til eleven.

Resultatet på indikatoren utdanning og yrkesrettleiing ligg i ØSK under nasjonalt. Dette kan skuldast at yrkesrettleiinga på skulen er lagt til våren og undersøkinga var gjort på hausten. Det vert og

vurdert å endre noko på organiseringa av faget utdanningsval.

Skulen meiner at det er felles reglar på skulen, men at elevane har ulik forståing av spørsmålet, difor eit låg scoring.

## Nasjonale prøver, eksamenskarakterar og grunnskulepoeng

Nasjonale prøver måler grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk, men måler ikkje kunnskapsnivået slik som standpunkt- og eksamenskarakterar. Målsettinga er å ha betre resultat enn landsgjennomsnittet. Skalaen for resultatata vart endra frå hausten 2014 og skal vere slik at ein kan samanlikne frå år til år. Det nasjonale snittet ligg på 50 skalapoeng på den nye skalaen.

Nasjonale prøver 5. trinn:

	ØSK	Oppland	Nasjonalt
Engelsk	50	49	50
Lesing	51	49	50
Rekning	49	49	50

Det har over fleire år vore systematisk oppfølging av leseferdigheitene til elevane, kanskje ser vi no resultatet av dette arbeidet.

Nasjonale prøver 8. trinn:

	ØSK	Oppland	Nasjonalt
Engelsk	45	49	50
Lesing	49	50	50
Rekning	49	49	50

Skulen er ikkje fornøgd med resultatet (særleg gjeld dette engelsk) og analyserer no prøvene nøye for å finne ut kva område elevane må arbeide ekstra med.

Nasjonale prøver 9. trinn:

	ØSK	Oppland	Nasjonalt
Lesing	55	53	54
Rekning	56	53	53

Snittet av elevane på 9. trinn i ØSK scorar høgt over landet i både lesing og rekning. Dette er eit resultat skulen er svært stolt over.

Eksamenskarakterar 10. trinn:

	ØSK 2012	ØSK 2013	ØSK 2014	Oppland 2014	Landet 2014
Norsk hovudmål	3,3	3,6	3,4	3,4	3,4
Norsk sidemål	3,3	3,4	3,4	3,0	3,1
Matematikk	-	3,3	3,2	2,9	3,0

Sjølv om resultatet i matematikk er dårlegare enn i 2013, er skulen likevel godt fornøgd med å ligg 0,2 over landsgjennomsnittet.

Grunnskulepoeng:

ØSK 2011	ØSK 2012	ØSK 2013	ØSK 2014	Oppland 2014	Landet 2014
38,1	40,6	41,7	39,8	39,7	40,4

Grunnskulepoenga varier frå år til år. Skulen er oppteken av å sikre rett nivå på standpunktarakter og arbeider systematisk med dette.

"DET HAR OVER FLEIRE ÅR VORE SYSTEMATISK OPPFYLGING AV LESEFERDIGHEITENE TIL ELEVANE, KANSKJE SER VI NO RESULTATET AV DETTE ARBEIDET."

"GRUNNSKULEPO ENGA VARIER FRÅ ÅR TIL ÅR. SKULEN ER OPPTOKEN AV Å SIKRE RETT NIVÅ PÅ STANDPUNKTKARAKTER OG ARBEIDER SYSTEMATISK MED DETTE."

## Lidar skule

### Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt

### Kvalitet

Generelt kan ein seie at Lidar skule har gode resultat på nasjonale prøver på 5. trinn. Skulen ligg over snittet nasjonalt i både rekning, lesing og engelsk. Det er særst gledeleg at det er gode resultat i engelsk.

Skulen har likevel ein nedgang på nasjonale prøver i 2015 samanlikna 2014.

Nedgangen ligg innanfor det som vil vera naturlege svingingar på små og mellomstore skuler. Snittet i 2014 var også særst høgt.

Resultata frå 8. trinn (første året på ungdomsskulen) har ein nedgang frå tidlegare år. Dette gjeld i alle fag, men spesielt engelsk. Samanliknar ein snittet i engelsk for 5. klasse og 8. klasse over år ser ein at det ikkje er like stor progresjon dei tre siste åra på barneskulen (5.-7- klasse) som på småskuletrinnet (1.-4. klasse).

Dette er noko skulen må ta tak i og sette inn tiltak på frå neste skuleår. Går ein bak tala, ser ein at det er færre elevar på det høgaste nivået i Øystre Slidre kommune, samanlikna med fylket og landsgjennomsnittet. Dette kan gje skulen ein peikepinn på kvar ein skal sette inn tiltak.

På Lidar er det gjennomgåande godt utdanna faglærarar. Skuleåret 2014/15 hadde skulen ein ufaglært vikar i ei delstilling.

Alle elevane i 1.-4. trinn får leksehjelp på Lidar skule. Leksehjelpa har fokus på lesing, rekning og engelsk. Leksehjelpa er bemanna med

pedagogar og den gjenomførast ein halvtime midt på dagen.

Skulefritidsordninga (SFO) er i hovudsak bemanna med personell som er barne- og ungdomsarbeidarar. Vi aukar også kompetansen i år ved at ei av dei tilsette fullfører utdanninga denne våren.

Elevundersøkinga viser som året før høg trivsel. Det er gledeleg å sjå at elevane opplever endå betre trivsel på generelt grunnlag enn tidlegare.

I utviklingsarbeidet har skulen dette året arbeid med elevvurdering og vurdering for læring. Elevane svarar at dei opplever ei betring i elevmedvirkninga på skulen og at dei har god støtte i læringsprosessen av lærarane.

Skule/heim samarbeid er viktig for at elevane skal kunne gjere sitt beste i skulen. Elevar opplever at dei har familiar som støttar dei i skulearbeidet, og at dei oppmuntrar ungane sine til å gjere det så godt dei kan på skulen. Å oppleve meistring er ein viktig føresetnad for læring og for motivasjon. Skulen viser framgang her.

### Effektivitet

I Øystre Slidre kommune nyttar ein meir pengar på kvar elev enn mange skular elles i landet. Kommunen har ein høg lærartettleik.

I tillegg er skuleskyss ein stor kostnad. Det er berre

ein elev som kan gå til skulen på Lidar.

På grunn av få elevar på SFO er eigenbetalinga forholdsvis høg. Skulen har klart å halde tilbodet på heildags-SFO dette skuleåret, og det vil også vera det neste skuleår.

Lidar skule går noko ned på spesialundervisning, men endringa skjer sakte. Eit spesialpedagogteam arbeider med å kvalitetssikre både spesialundervisninga og den tilpassa undervisninga på skulen. Samstundes er det enkeltelevar som har store behov innanfor spesialundervisning, og det vil dei trenge heile sitt skuleløp.

### Medarbeidarar

Dei tilsette på Lidar trivst godt i kollegiet og i arbeidet med elevane. Skulen har fokus på det kollektive der alle skal vera med på å støtte kvarandre og ta ansvar for skulens elevar. Lærarane jobbar i team der dei kan nytte kvarandre sine sterke sider og rettleie kvarandre.

Øystre Slidre kommune satsar på felles utviklingsarbeid for alle lærarane i kommunen. Der er no avslutta eit samarbeid med Høgskulen i Hedmark om leiing av læring. Arbeidet i kollegiet vil fortsette sjølv om samarbeidet er ferdig. Vidare vil vi satse på grunnleggjande ferdigheiter med hovudvekt på rekning, samt læringspartner og ute-skule.

Lidar skule har fleire tilsette som tek vidareutdanning mellom anna innanfor sosialpedagogisk rettleiing, spesialpedagogikk.

”I TILLEGG ER SKULESKYSS EIN STOR KOSTNAD. DET ER BERRE EIN ELEV SOM KAN GÅ TIL SKULEN PÅ LIDAR”

# Rogne skule

## Kvalitet

Tenestene skulen leverar er gode.

Nasjonale prøver vert gjennomført på 5.trinn og ein har ikkje dei same elevgruppene ein testar kvart år. Difor ser ein forskjellar mellom fjoråret og året sine resultat på prøvene.

Ved Rogne skule skorar elevane lågast i rekning for andre året på rad, og ein må difor ha eit fokus på grunnleggjande reknedugleikar. Til hausten skal barne-skulane starte opp utviklingsarbeidet rekning i alle fag, der ein har stort fokus på rekning både for tilsette og elevane.

Færre elevar enn før havnar på lågaste meistringsnivå på nasjonale prøver i kommunen. Vi må likevel fortsatt arbeide med å heve dei svakaste elevane. Grunnleggjande dugleikar i rekning kopla saman med lærings- og lesestrategiar blir eit viktig fokus framover.

Det er for få elevar på det høgste nivået. På mellomtrinnet må ein difor jobbe godt for å heve elevane som ligg i midtsjiktet.

8. trinn (fyrste året på ungdomsskulen) har hatt ein nedgang i engelsk frå tidlegare år. Elevane har lite engelskundervisning i småskulen og ein gjer grep for å få engelsk inn i dagleg undervisning. I tillegg arbeider skulen med metodebruk i undervisninga for å skape endring.

Ved Rogne skule har alle lærarar godkjent utdanning. Det er eit dyktig og kompetent kollegium som arbeidar godt med satsingsområda til skulen.

Elevane på 7. trinn trivst godt på skulen med medelevar og tilsette. Det vil vere eit mål framover å jobbe med å oppretthalde den gode trivselen. I tillegg må ein ha fokus på det psykososiale miljøet.

Det er færre elevar som mottek spesialundervisning ved Rogne skule. Gjennom satsinga tidleg innsats har ein hatt moglegheit til å jobbe med elevar som treng litt ekstra utan å måtte melde dei opp til PPT.

Alle elevar frå 3.-7. klasse får leksehjelp på Rogne skule, i tillegg til tilbodet om leksehjelp som blir gitt til 1.-4. klasse.

I tillegg til ordinært SFO-tilbod har skulen tilbod om sommar-SFO. Dette året har tilsette i SFO hatt barne- og ungdomsarbeidarutdanning.

Elevane får god støtte både frå lærarar og frå foreldre og elevane opplever at foreldre er interesserte i skulearbeidet deira. Lærarane gjev elevane nok faglege utfordringar til at dei opplever meistring og utvikling.

Det kjem fram av elevundersøkinga at satsinga skulen har hatt på vurdering for læring har hatt god effekt på elevane og at dei veit kva dette handlar om. I årets 7. trinn er det lov å vere god og visa at ein ynskjer å lære og utvikle seg på skulen.

Motivasjonen til elevane er god, men det er viktig å halde fokuset oppe på dette området framover. Elevane opplever eit godt elevdemokrati og at dei kan vere med å planlegge arbeidet sitt og saker som gjeld skulen.

Elevar har følt seg erta/plaga/mobba og Rogne skule

må difor ha stort fokus på arbeid med det psykososiale miljøet. Til hausten vil skulen setje av ein ressurs til sosiallærar.

Av foreldreundersøkinga i 2014 kom det fram at ein del foreldre ikkje tok opp vanskelege saker som gjeld tilsette ved skulen med skulen. Dette ser ut til å ha hatt ei positiv utvikling siste året. Det er ein god dialog mellom heimane og den enkelte lærar der ubehagelege saker vert drøfta.

## Effektivitet

Det vert brukt mykje pengar per elev då kommunen satsar på ei tett grunnbemanning. I tillegg har kommunen nye skulebygg og har store materiellkostnader. Andel spesialundervisning er på veg ned.

I tillegg har ein høge skysstutgifter, då dei fleste elevane har behov for skuleskys. Kommunen har høge satsar på eigenbetaling på SFO.

Skulen har god grunnbemanning der ein kan nå den enkelte elev og jobbe godt mot kvar enkelt. Ved å ha god grunnbemanning kan ein velje metodar som gjev godt læringsutbytte.

## Medarbeidarar

Trivselen er svært god i kollegiet ved Rogne skule. Det har vore eit stort sjukefråvære dette skuleåret. Sjølv om fråværet har vore stort, har ikkje det påverka trivsel og samarbeid i kollegiet. Sjukefråværet har ikkje vore arbeidsmiljørelatert. Skulen har vore heldig å skaffe utdanna vikarar som kan halde tråden i undervisnings- og utviklingsarbeid ved skulen.

## Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt

## Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemanningstetthet

## Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

”DET HAR VORE EIT STORT SJUKEFRÅVÆRE DETTE SKULEÅRET. SJØLV OM FRÅVÆRET HAR VORE STORT, HAR IKKJE DET PÅVERKA TRIVSEL OG SAMARBEID I KOLLEGIET.”

## Øystre Slidre ungdomsskule

### Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt



### Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Kompetanse  
Bemanningstetthet



### Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling



”ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE HADDE FLEIRE ELEVAR ENN TIDLEGARE SOM FULLFØRTE VIDAREUTDANNING I 2014. DET VISAR AT GRUNNSKULEN JOBBAR GODT MED KOMPETANSEN TIL ELEVANE OG SLIK AT DEI ER BETRE RUSTA FOR Å GJENNOMFØRE OG FULLFØRE VIDAREGÅANDE SKULE.”

### Kvalitet

Sjølv om kommunen scorar over gjennomsnittet i fylket på grunnskulepoeng, er scoren litt under landsgjennomsnittet. Eksamenskarakterane ligg på - eller over - landsgjennomsnittet. Både i matematikk og norsk side-mål er kommunen over landet i eksamensresultat. Skulen er oppteken av å sikre rett nivå på standpunkt-karakter og arbeider systematisk med dette.

Øystre Slidre kommune hadde fleire elevar enn tidlegare som fullførte vidareutdanning i 2014. Det visar at grunnskulen jobbar godt med kompetansen til elevane og slik at dei er betre rusta for å gjennomføre og fullføre vidaregåande skule. Fyrsteårselevane frå Øystre Slidre i 2013/14 har ein gjennomføringsgrad på 97%.

Nasjonale prøver på 8. trinn kjem noko dårlegare ut enn åra før. Det er spesielt engelsk som også dette året er ein god del lågare enn landsgjennomsnittet.

På 9. trinn ligger resultatene over landsgjennomsnittet. Desse har nasjonal prøve i regning og lesing. ØSUS arbeider skuleåret 2014/15 systematisk med grunnleggande ferdigheit i rekning og går over til skrivning ved årsskiftet. ØSUS har få elevar på lågaste nivå både på 8.trinn og 9.trinn.

Elevundersøkinga viser at elevane trivst godt på skulen. Dei føler seg sett og

respekterte av lærarane sine.

Skulen arbeidar systematisk og grunnleggande med det psykososiale miljøet der relasjonar og læringskultur har ei viktig rolle. Skulen ser, utifrå resultatene, at foreldra må trekkast meir inn i skulearbeidet.

Skulen må fortsetje å legge til rette for at elevane er med i å vurdere seg sjølve i arbeidet sitt. ØSUS set og no meir fokus på munnlege tilbakemeldingar, som skulen meiner er med på å motivere elevane.

Det er lite mobbing på skulen, og ØSUS arbeidar mykje med å utvikle eit trygt og godt miljø for elevane.

Ein ser at innhaldet i faget utdanningsval vil få ei større rolle i framtidens skule.

Kommunestyret vedtok i sak 008/15 at ØSUS skal ha inn nytt ventilasjonsanlegg i 2016.

### Effektivitet

Kostnadane per elev ligg i Øystre Slidre over nasjonalt nivå. Høg lærartetthet og store utgifter til skuleskyss bidreg til dette.

ØSUS har godt kvalifiserte lærarar, men vi har fagområde som er spesielt sårbare (som kunst og handverk, tysk og spansk). Skulen har timar til naudsynt gruppedeling, og brukar om lag like mykje spesialundervisning som resten av landet.

### Medarbeidarar

Arbeidsmiljøet på skulen er godt og trivselen er høg. Sjukefråværet er lågt og vikarordninga fungerer godt.

Miljøet på skulen er prega av godt samarbeid, delingskultur, openheit og godt humør.

Skulen arbeidar kollektivt med utviklingsarbeid der relasjonar og grunnleggande ferdigheiter står i sentrum.

”KOMMUNESTYRET VEDTOK I SAK 008/15 AT ØSUS SKAL HA INN NYTT VENTILASJONSANLEGG I 2016.”

”MILJØET PÅ SKULEN ER PREGA AV GODT SAMARBEID, DELINGSKULTUR, OPENHEIT OG GODT HUMØR.”

# BARNEHAGE

## Nøkkeltal frå Kommunebarometeret:

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
BARNEHAGE										
BEMANNING (KB): Oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (20 %)	1,9	2,8	1,8	3,1	2,9	331	218	339	198	213
FAGUTDANNING (KB): Andel styrere og ledere med pedagogisk utdanning (20 % vekt innen sektoren)	6,0	6,0	6,0	6,0	6,0	1	1	1	2	1
FAGUTDANNING (KB): Øvrige ansatte i kommunale barnehager med relevant utdanning (20 %)	4,4	4,7	6,0	5,0	4,6	77	86	9	61	91
AREAL (KB): Leke- og oppholdsareal per barn (10 %)	4,3	4,9	4,4	4,5	4,2	64	41	60	54	57
KJØNN: Andel ansatte som er menn (10 %)	3,1	3,0	3,1	3,0	2,4	188	215	209	217	231
MINORITETSSPRÅKLIGE: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage (15 %)	3,5	5,0	3,8	3,1	1,5	292	109	207	284	378
1-ÅRINGER: 1-åringer født etter 1.9. med barnehageplass som andel av 1-åringer med barnehageplass (5 %)										

KB: Kommunale barnehager

Årstellene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

**Nasjonalt:** Andelen styrere og ledere med pedagogisk utdanning i kommunale barnehager øker. Det er forskjell mellom private og kommunale barnehager hva gjelder utdanningsnivå, de kommunale barnehagene er flinkere til å rekruttere folk med relevant og pedagogisk utdanning. De kommunale barnehagene er også større enn de private, og arealet økte marginalt i fjor. Dessuten ble bemanningen marginalt bedre, målt som oppholdstimer per årsverk. Her er også de kommunale barnehagene bedre enn de private, totalt sett. Samlet er bemanningen rundt 5 prosent bedre i de kommunale barnehagene. Det er fortsatt få menn som jobber i barnehagene – andelen var stabil på 8,7 prosent i fjor.

Kostnadene i barnehagene øker landet sett under ett, det henger nok sammen med litt bedre bemanning som også er bedre kvalifisert, og litt større plass. En statistikk som viser jevn framgang, er andelen barn med minoritetsspråklig bakgrunn som går i barnehage. Denne øker med 2 prosentpoeng i året, og er nå på 75 prosent. Andelen er fortsatt godt under snittet (stabilt på 90 prosent).

### Om Øystre Slidre spesielt

Bemanningen i de kommunale barnehagene er under middels. Ifølge oppholdstimer per årsverk var bemanningen i Øystre Slidre omtrent uendret i fjor. Alle styrere og pedagogiske ledere i kommunale barnehager har pedagogisk utdanning. Seks av ti assistenter i kommunale barnehager har relevant utdanning. Det er en god statistikk. Landsgjennomsnittet er bare 35 prosent.

Bare halvparten av alle barn med minoritetsspråklig bakgrunn går i barnehage. Ulikt talletidspunkt for antall barn i barnehagen og minoritetsspråklige barn i kommunen kan forstyrre statistikken.

”BEMANNINGEN I DE KOMMUNALE BARNEHAGENE ER UNDER MIDDELS.”

”ALLE STYRERE OG PEDAGOGISKE LEDERE I KOMMUNALE BARNEHAGER HAR PEDAGOGISK UTDANNING.”

”BARE HALVPARTEN AV ALLE BARN MED MINORITETSPRÅKLIG BAKGRUNN GÅR I BARNEHAGE.”

## Barnehagane i Øystre Slidre

”OPNINGSTIDA VART UTVIDA MED EIN HALV TIME PER DAG FRÅ 1. MARS I 2014. DETTE VART GODT MOTTEKE AV DEI FØRESETTE. FRÅ 15. AUGUST VIL OPNINGSTIDA BLI YTTERLEGARE FORLENGA, SLIK AT NY OPNINGSTID BLIR FRÅ 07.00 TIL 17.00.”

### Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt  
Fysisk miljø

### Kvalitet

Barnehagane i Øystre Slidre kommune leverer gjennomgåande tenester med god kvalitet og med høg grad av fleksibilitet.

Kommunen har eitt felles hovudopptak i året, samt fleksibelt opptak gjennom heile året. Det er ikkje ventelister, og barnehagane er opne heile året.

Opningstida vart utvida med ein halv time per dag frå 1. mars i 2014. Dette vart godt motteke av dei føresette. Frå 15. august vil opningstida bli ytterlegare forlenga, slik at ny opningstid blir frå 07.00 til 17.00.

Vi gjennomfører omfattande brukarundersøkingar kvart andre år, sist i 2013/14. Resultatet vart presentert i verksemdsanalysen for 2014.

I kommunebarometeret scorar kommunen dårleg på andel av minoritetsspråklege barn som går i barnehagen. Det er lite barnehagane sjølve kan

### Beito barnehage

Siste store brukarundersøking var i 2013/14, men likevel har Beito barnehage gjennomført ei enklare form for brukarundersøking også dette året. Attendemeldingane frå undersøkinga, samt foreldresamtaler, viser at foreldra er jamt over er godt nøgde med kvaliteten på tenestene i Beito barnehage.

### Medarbeidarar

Tilsette i Beito barnehage gjer uttrykk for at dei trivast

gjere med dette, då alle som søker, får plass.

Barnehagane har tilsette pedagogar i alle pedagog- og styrarstillingar. I tillegg er det og fleire assistentar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Det er verdt å merke seg at andelen av assistentar med relevant utdanning aukar. Dette er med på å styrke kvaliteten.

Vi skulle gjerne ha sett att fleire menn hadde søkt seg til arbeidet med ungar i førskulealder. Frå hausten 2015 har det lykkast å få inn ein mannleg lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

### Effektivitet

Dersom ei samanliknar med Oppland og vår kommune-gruppe, driv Øystre Slidre kommune barnehagesektoren med låge netto driftsutgifter.

Ein av grunnane til dette er truleg ei stor fleksibilitet i

bemanninga, med ein lang tradisjon for opp- og nedbemanningar i den einskilde barnehagen etter behov (dette blir m.a. løyst gjennom at tilsette flytter mellom dei ulike barnehagane).

Når det gjeld opphaldstimar per årsverk, ligg Øystre Slidre framleis godt over Oppland og kommunegruppa ein samanliknar seg med.

Bemanninga er i tråd med bemanningsnorma (3 barn under 3 år per vaksen og 6 barn over 3 år per vaksen). I tillegg er det 20 % stilling til språk i kvar barnehage.

Kommunen følgjer maksimalgrensa for betaling av barnehageplass som er fastsett av Stortinget. Matpengar kjem i tillegg på kr 15 per dag. Det er og syskenmoderasjon.

Generelt leverer Øystre Slidre kommune gode og effektive tenester innanfor barnehagesektoren.

godt i lag med ungane, foreldra og med dei andre tilsette. Dei tilsette er aktive i å væra saman også på fritida. Det er lite sjukefråvær i barnehagen.

Det har over tid vore sett søkelyset på samarbeid på tvers av barnegruppene. Barnehagen har no opna opp meir mellom gruppene. Dette opplevast som veldig positivt, då ein blir kjent med alle ungane, og det gir større fleksibilitet i kollegiet.

Barnehagane har også vore med i eit utviklingsprosjekt gjen-

nom SePU (Høgskulen i Hedmark) om ”Barns Trivsel - vaksne sitt ansvar”. Dette har gjort til at tilsette har erverva seg ny kunnskap og auka innsikt i det praktisk pedagogiske arbeidet.

Beito barnehage har entusiastiske og engasjerte tilsette, med mykje formell og uformell kompetanse.

## Rogne barnehage

### Medarbeidarar

Tilsette trivst godt på jobb. Personalet samarbeider godt på sine grupper, og også på tvers av dei andre gruppene. Dei tilsette har høge forventningar til kvarandre som gjer til at alle bidreg til fellesskapet. Personalet er rause og har kultur for å vera fleksible, hjelpe og støtte kvarandre.

Engasjement, glede og humor er viktige faktorar for trivselen. Tilfeldigheiter har gjort til at sjukefråværet er høgt i fyrste kvartal i 2015.

Dette barnehageåret har vi hatt fokus på barns trivsel og lagt ekstra vekt på omsorg. Fokus på omsorg har ført til at personalet har tatt til seg ny kunnskap som fører til utvikling og betre kvalitet.

Jamleg evaluering av arbeidet og reflektering skapar endring og utvikling.

I tillegg til dagleg reflektering og evaluering på møter har personalet fått felles kurs på planleggingsdagar. Personalet er interessert i å lære nye ting og utvikle seg.



Nye Rogne barnehage (Foto: Anne Mari Stensby)

## Tingvang barnehage

### Medarbeidarar

Dei tilsette trivast veldig godt i lag med kollegaene. Utfordringane ligg i det fysiske miljøet og tidvis kommunikasjonsflyt mellom avdelingane (Huset og Brakka).

Tilfeldigheitar har gjort til at sjukefråværet fyrste kvartal i 2015 har vore høgt, men utan at trivselen har vorte redusert.

Personalet er stadig i fagleg og personleg utvikling gjen-

nom jamleg evaluering og refleksjon av arbeidet som blir gjort.

### Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Fysisk miljø  
Trivsel

### Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemanningstetthet

### Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

### Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Fysisk miljø  
Trivsel

### Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemanningstetthet

### Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

## Nye Rogne barnehage blir teke i bruk frå august 2015



Rogne nye barnehage vart opna 17. august med omvising og stor festivitas. Den leikande arkitekturen på nybygget kjem godt til sin rett der bygningen bølgjer som ein våg i terrenget ovanfor Rogne skule. Forma og det tilrettelagde uteområdet glir lett inn i naturen med jorder og skog i nærområdet.

Nye leikeapparat har fått mjukt underlag som tåler eit fall eller to. Uteområdet er planert og jamna ut så dei tilsette har god oversikt over barna som oppheld seg kring huset på alle kantar. Det er grønt gras og asfalterte område som gjer arealet innanfor gjerdet tilgjengeleg og innbydande for all ferdsel og leik.

Innelokala er lyse og spennande med artistisk bruk av fargeklattar på møbler og utstyr. Særleg midtdelen av bygget med høge vindauge og ekstra takhøgde aukar romkjensla og bind dei to vingane på bygget saman.



Barna får rikeleg med boltreplass på avdelingsrom og spesialrom for kreativ utfolding. Garderobane har plass for klede, stell og toalett i akkurat rett høgde for små stompar. Eine vingen i bygningen har også eigen vinkeplass til foreldre som går. Vindaugene i rett høgde for små barn gjer at alle har utsyn frå romma. Delvis overbygd utesoverom med plass til vogner sikrar frisk luft i sunne omgivnader året rundt.



Personalet kan gle seg over lyse, flotte møterom, arbeidsrom og personalrom. Rause kontorplassar og flotte garderobeforhold legg til rette for trivsel og samarbeid. Styrar har fått kontor med godt utsyn, strategisk plassert i møte mellom vaksne og barn som går og kjem.



Det er all grunn til å la seg heftig begeistre over ein flott og særdeles godt eigna ny barnehage i Rogne. Flotte forhold for fleire generasjonar barnehagebarn framover er på plass. Saman med det flotte, nye skuleanlegget og ny kunstgrasbane på Rogne stadion vil alle barn i nærområdet vere sikra ein kvalitet i infrastruktur som er få forunn å oppleve.

Her blir det liv, læring, leik og mykje moro i mange år framover!

Gratulerer, Rogne!

# KULTUR

## Nøkkeltal fra Kommunebarometeret:

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
<b>KULTUR</b>										
PRIORITERING: Netto driftsutgifter til kultur, andel av totale netto driftsutg (15 % vekt innen sektoren)	2,4	3,1	2,3	2,4	2,5	270	157	274	278	235
IDRETT: Netto driftsutgifter til idrett per innbygger (10 %)	3,3	4,2	4,0	2,7	3,8	88	45	46	124	64
BARN OG UNGE: Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud for barn og unge (10 %)	2,2	2,2	2,0	2,1	2,2	249	261	282	256	243
BIBLIOTEK: Netto utgifter til bibliotek, per innbygger (10 %)	2,2	2,5	2,2	2,6	2,3	226	159	214	170	208
BIBLIOTEK: Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (10 %)	3,9	4,3	3,8	4,3	4,5	80	68	94	64	61
BIBLIOTEK: Besøk i folkebibliotek per innbygger (5 %)	3,0	2,5	4,3	4,9	5,2	148	193	55	37	30
KINO: Kinobesøk per innbygger (5 %)	1,0	1,0				325	308			
SYSSELSATTE: Ansatte kulturarbeidere i kommunen (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforskning) (10 %)				4,2	3,6				65	93
MUSIKKSKOLE: Antall timer per elev (fra Norsk Kulturindeks, Telemarksforskning) (5 %)				3,8	4,7				59	53
MUSIKKSKOLE: Andel av elevene som går på kommunens musikk- og kulturskole (10 %)	4,1	5,0	5,1	5,7	6,0	71	43	41	27	10
FRITIDSSENTER: Antall besøk i året, per innbygger 6-20 år (5 %)	3,0	2,7	2,5	3,8	4,9	88	102	97	42	24
FRIVILLIGE: Driftstilskudd til lag og foreninger, per innbygger (5 %)	6,0	6,0	6,0	6,0	6,0	2	12	15	5	3

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

### Innleiende merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Nasjonalt: 3,8 prosent av netto driftsutgifter i kommunene går til kultur. Andelen har vært veldig stabil de siste årene. Vi ser en vridning av pengebruken i retning av idrettsanlegg, som er den delen hvor utgiftene øker mest. Samtidig faller utgiftene til annen idrett. I de foreløpige tallene mangler statistikk fra biblioteket, her har vi brukt 2013-tallene inntil de nye foreligger. Kinobesøket falt vesentlig i fjor og er nå på sitt laveste nivå per forestilling i nyere tid. Telemarksforskning lager Norsk kulturindeks, som vi henter enkelte nøkkeltall fra – blant annet antall timer per elev i musikk- og kulturskole. Andelen som går på musikk- og kulturskole falt klart i fjor, og er nå på 14,1 prosent.

### Om Øystre Slidre spesielt

3,2 prosent av netto driftsutgifter gikk til kultur i Øystre Slidre i fjor, det er litt større andel enn året før. Andelen er litt under snittet. I barometeret

er det fire indikatorer som måler pengebruk per innbygger. Øystre Slidre utmerker seg spesielt ved høye utgifter til tilskudd til lag og foreninger.

Besøket i biblioteket er høyt. Utlånet er omtrent på samme nivå. Dette gjelder altså 2013-tall inntil videre.

”3,2 PROSENT AV NETTO DRIFTS-UTGIFTER GIKK TIL KULTUR I ØYSTRE SLIDRE I FJOR, DET ER LITT STØRRE ANDEL ENN ÅRET FØR. ANDELEN ER LITT UNDER SNITTET.”

”ØYSTRE SLIDRE UTMERKER SEG SPESIELT VED HØYE UTGIFTER TIL TILSKUDD TIL LAG OG FORENINGER.”

## Kultur

### Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning



### Kvalitet

KOSTRA-tal (som nyttast i kommunebarometeret) viser at kommunen brukar 3,2 % av totale netto driftsutgifter på kultur. Dette er mindre enn samanliknbare kommunar og landsgjennomsnittet, og får naturlegvis konsekvensar for aktivitetsnivået på kulturfronten.

### Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemannings tetthet



Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar er også veldig låg i kommunen.

Kommunen gjev likevel mykje støtte til idrettsanlegg (støtte til stadionleige, snøproduksjon, til projektorkoordinator på Beitostølen).

Dette blir rapportert inn som næringsstøtte, og kjem difor ikkje fram i oversikter over utgifter til kultur i Øystre Slidre.

Gjennom ordningar som "Den kulturelle skulesekken" og "Den kulturelle spaserstokken" får både born og eldre tilbod om kulturelle møter med profesjonelle kunstnarar fleire gonger i året.

Fjellstafetten er eit godt døme på kommunal satsing på fysisk aktivitet. Heile 15 563 namn i bøkene og 567 som gjekk på ti toppar eller fleire, syner at dette er eit godt produkt.

17. mai, sommersymfonikonserter og kulturpris-/frivilligprisutdeling er solide arrangement.

Utlån frå biblioteket av alle typer medier har gått veldig opp. Dette skuldast godt arbeid på hovudbibliotek og godt innarbeida skulebibliotek på baae barneskulane våre. Det er framleis ynskje om meir tid

til oppsøkjande verksemd, både i skulane og opp mot innbyggjarane. Nye heimesider og ei ny utlånsløysing for e-bøker er lansert i år.

Frivilligsentralen har svært høg aktivitet, og talet på faste aktivitetar og hjelpeoppdrag er stabilt. Stølsveko er eit populært tiltak som stadig blir utvida.

«Samlingsstund» er eit bra tilbod for unge vaksne, og i rekka av tilbod er dette ein fin møteplass.

Aktivitetskalender, infoavis og heimesider er gode kjelder til informasjon. Dette arbeidet kunne med fordel ha vore prioritert høgare.

Kulturskulen fostrar mange gode utøvarar på mange ulike arenaer. Elevane syner seg som trygge utøvarar, med kunst- og kulturglede, stolte og ranke og med god sjølvkjensle.

Kulturskuletilbodet er svært populært. Sjølv om 48 % av grunnskuleelevane er elevar i kulturskulen, er ventelista framleis lang, og tilbodet blir difor ikkje så tilgjengeleg som det hadde vore ynskjeleg. Det er ynskje om at flest muleg skal få eit tilbod, og det har gjort til at tida per elev har gått ned. Dette kan gå utover kvaliteten på tilbodet.

Ungdomsklubben har faste klubbkveldar, samt mange «stunts» innimellom, som konsertar, påskerock, eller til dømes bigJump, ei ski/brett/snowboardhoppekonkurranse. Det er stor entusiasme og glød i klubben. Frivillig stab, som består av ungdommar, har

hatt god innverknad og har ført til at ungdommane har fått eit godt eigarforhold til både Furustrand og aktivitetane rundt.

MixMax mekkeverkstad manglar ein godt gjennomarbeida framtidplan, utstyr og høvelege lokaler.

### Effektivitet

Det er gode og varierte tilbod til heile befolkninga gjennom frivillig kulturliv, frivilligsentral, bibliotek, ungdomsklubb og kulturskule. Eigenbetalinga i kulturskulen er dyrast i Valdres, men likevel om lag på landsgjennomsnittet. Flinke, effektive og entusiastiske lærarar bidreg elles til effektiv drift av kulturskulen. Samla personalressurs vert i dag utnytta maksimalt, men undervisningstida per elev er liten.

### Medarbeidarar

Kulturavdelinga har utvikla gode planer og rutinar. Det er godt samarbeid på tvers, særleg om konsertar og arrangement. Lærarane i kulturskulen samlast kvar veke og har utvikla ein god møtekultur. Med alle kulturarbeidarar samla i eit team, blir vi fagleg sterkare.

Dei tilsette er godt nøgde med fysiske arbeidsforhold og innhald i jobben. Samarbeid og trivsel scorar bra og avdelinga er prega av godt humør og stoltheit over egen arbeidsplass.

"FJELLSTAFETTEN ER EIT GODT DØME PÅ KOMMUNAL SATSING PÅ FYSISK AKTIVITET. HEILE 15 563 NAMN I BØKENE OG 567 SOM GJEKK PÅ TI TOPPAR ELLER FLEIRE, SYNER AT DETTE ER EIT GODT PRODUKT."

# HELSE OG OMSORG

## Nøkkeltal fra kommunebarometeret

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
<b>ELDREOMSORG</b>										
BEMANNING: Andel ansatte med fagutdanning (10 % vekt innen sektoren)	6,0	4,8	4,8	4,6	4,8	22	102	94	104	87
BEMANNING: Tid med lege og fysioterapeut på sykehjem (10 %)	4,0	3,2	3,0	3,4	3,2	85	149	172	114	147
BEMANNING: Årsverk av ergoterapeut og geriatrisk sykepleier per 1.000 innb. over 80 år (10 %)	3,7	3,8	3,4	3,8	3,6	97	91	127	104	114
PROFIL: Hvor stor andel av de over 80 år med tjenester, får den hjemme? (10 %)	3,4	2,2	2,5	1,8	1,5	250	334	282	372	374
TILBUD: Gjennomsnittlig antall timer praktisk bistand i hjemmet (5 %)	2,3	1,8	1,8	2,0	2,2	246	325	324	303	295
TILBUD: Gjennomsnittlig antall timer hjemmesykepleie (5 %)	2,4	2,4	2,5	2,7	2,1	218	216	212	179	249
BEHOV: Andel av 67+ med bistand, som har stort omsorgsbehov (5 %)			3,5	2,5	2,6			134	185	175
HELSETILSTAND: Dødelighet i prosent av landsgjennomsnittet (100 = snittet) (10 %)	3,8	3,2	4,0	4,4	4,4	213	295	191	150	148
KORTTIDSPASSER: Gjennomsnittlig oppholdstid per plass, målt i dager (10 %)			5,2					131		
SAMHANDLING: Antall døgn på sykehus for utskrivningsklare pasienter, per 10.000 innb. (5 %)	6,0	5,6	4,6	6,0	6,0	1	220	345	1	1
ENEROM: Andel brukertilpasset enerom på sykehjem med bad/wc (5 %)	4,8	4,8	4,7	4,7	4,7	277	280	279	285	291
DEMENTE: Andel plasser til demente, mot antall over 80 år på sykehjem (5 %)	3,0	4,0	4,1	4,1	4,0	265	120	117	130	115
TRYGGHET: Trygghetsalarm per 1.000 hjemmeboende eldre over 80 år (5 %)	2,8	3,3	3,8	3,2	2,9	254	225	158	231	262
BRUKERE: System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten/institusjon (5 %)	6,0	6,0	6,0	6,0	6,0	1	1	1	1	1

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

### Innleiende merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Vi har gjort en del endringer i sektoren. Først og fremst har vi gått bort fra å belønne det å ha mange sykehjems plasser for gamle i seg selv. En omsorg hvor demente prioriteres og det for øvrig i hovedsak er en hjemmebasert tjeneste med ansatte med fagkompetanse, gir nå best plassering.

#### Om Øystre Slidre spesielt

Andel ansatte med fagutdanning økte klart i fjor. Kommunen er nær de beste i landet. Tiden med lege og fysioterapeut på sykehjem var omtrent uendret i fjor. Tilbudet er på normalnivået. Dekningen av sykepleier innen geriatri og ergoterapeut er omtrent midt.

Mange av de over 80 som får bistand, bor på sykehjem. Målet

mot hvor mange over 80 som faktisk bor på sykehjem, har kommunen en middels andel plasser avsatt til demente. Dødeligheten er marginalt lavere enn i landet ellers. Dette er en usikker, men mulig indikator på de gamles helsetilstand. Andelen gamle med tjenester og stort omsorgsbehov er litt større enn i normalkommunen. Det nøkkeltallet kan indikere om terskelen for å få tjenester er høyere eller lavere

enn normalen.

Vi har ikke tall for hvor lange oppholdene er på korttidsplassene. De fleste plassene på sykehjem er moderne enerom. Andelen over 80 år som bor hjemme og har trygghetsalarm, er omtrent som landsgjennomsnittet (38 prosent). Vi sjekker om kommunen oppgir at den har brukerundersøkelser. I Øystre Slidre er det et prioritert område.

"ANDEL ANSATTE MED FAG-UTDANNING ØKTE KLART I FJOR. KOMMUNEN ER NÆR DE BESTE I LANDET."

"DØDELIGHETEN ER MARGINALT LAVERE ENN I LANDET ELLERS. DETTE ER EN USIKKER, MEN MULIG INDIKATOR PÅ DE GAMLES HELSETILSTAND."

"ANDELEN GAMLE MED TJENESTER OG STORT OMSORGS-BEHOV ER LITT STØRRE ENN I NORMAL-KOMMUNEN."

# Institusjon og heimebaserte tenester (IHT)

## Kvalitet

Resultat for brukerne

Trivsel

Brukermedvirkning

Respektfull behandling

Tilgjengelighet

Informasjon

Helhetsvurdering

## Effektivitet

Driftsutgifter

Omfang av tjenesten

Egenbetaling

Kompetanse

Bemanningstetthet

## Medarbeidarar

Trivsel

Utvikling

## Øystre Slidre sjukeheim

### Kvalitet

Den nyoppretta brukar-/pårørandeforeininga som har vorte oppretta skal vera med å styrke samarbeidet, supplere med tilbod og vera eit bindeledd mellom det frivillige og offentlege tenestetilbodet kommunen kan gje.

Mange av dei tilsette på sjukeheimen deltek i ei kompetansehevande studiegruppe med fokus på miljøbehandling og aktiv deltaking på sjukeheimen. Eksempel på tiltak som har vorte sett i verk når det gjeld miljøbehandling, er vekeplaner med daglege aktivitetar for bebuarane. Dette kan vera aktivitetar som trim, kino, kortspel, matlaging, osv. Målet er å få ei større bevisstgjering på innhaldet i dagen for bebuarane på sjukeheimen.

Nye aktivitetsplanar vert sett opp for kvar veke, slik at ein sikra eit variert og tilfredsstillande tilbod for dei fleste bebuarane på sjukeheimen.

Tenesta ser no gode resultat etter samarbeidet med Sykehuset Innlandet i SAM - AKS prosjektet (Klinisk samhandlingsprosjekt mellom alderspsykiatrisk avdeling Sykehuset Innlandet HF og sjukeheimar i Hedmark og Oppland). Målgruppa i prosjektet er utagerande demente bebuarar på sjukeheimen. Metoden går ut på å

gjennomføre ei systematisk kartlegging av åtfærd, og setja i verk tiltak etter rettleiing frå spesialisthelsetenesta. Prosjektet skal no utvidast til også å kunne omfatte brukarar i heimetenesta.

Framover ser kommunen behov for døgnbemanna omsorgsbustader for å møte det auka presset på institusjonsplassar.

Sjukeheimen og systemkontoret ser fram til å starte samhandlinga med Valdres lokalmedisinske senter og gje innbyggjarane i Øystre Slidre eit endå betre og breiare tilbod lokalt.

### Effektivitet

Det har det siste året vorte stilt større krav til tenesta om å ta imot utskrivingsklare pasientar same dagen som meldinga vert sendt. Systemkontoret i Øystre Slidre har utarbeida effektive og kvalitets-sikra rutinar for å ivareta funksjonen som mottaks-senter for desse meldingane.

Kommunebarometeret viser at kommunen fortsatt driv sjukeheimplassane rimeleg målt mot resten av landet.

Størstedelen av bebuarane ved sjukeheimen er i aldersgruppa 90+, og andelen av dårlege pasientar er større enn tidlegare. Dette gjev ein høgare pleiefaktor. Fleire

pasientar med omfattande diagnosar krev mykje tid av sjukeheimslege og turnuslege og set høgare krav til fagkompetansen hjå personalet.

### Medarbeidarar

Det er gledeleg å sjå at andelen med fagutdanna medarbeidarar stadig aukar. Sjukeheimen har stabile arbeidstakarar med lite gjennomtrekk, noko som vitnar om god trivsel. Mykje god kompetanse blir nytta i samarbeid mellom avdelingane.

Dei tilsette gjev i medarbeidersamtalar tilbakesendingar om å ha eit meningsfylt arbeid, og opplever å gjera ein god jobb for dei som ikkje klarar seg sjølve.

Med stadig meir komplekse diagnosar og tidligare utskrivningar, har tilsette måtte vera innstilt på ei raskare omstilling og gjera kontinuerlege kliniske vurderingar. Dette gjer stillingane i kommunen og på institusjon meir spennande og set større krav til endringskompetanse og faglege vurderingar hjå den einskilde.

Institusjon og heimebaserte tenester nyttar personalet meir på tvers enn tidligare. Det er viktig å ha rett kompetanse på rett stad til rett tid. Dette er ekstra viktig på kveldstid, helg og natt, då det er færre personar på jobb.

”SJUKEHEIMEN OG SYSTEMKONTORET SER FRAM TIL Å STARTE SAMHANDLINGA MED VALDRES LOKALMEDISINSKE SENTER OG GJE INNBYGGJARANE I ØYSTRE SLIDRE EIT ENDÅ BETRE OG BREIARE TILBOD LOKALT.”

# Heimetenesta

## Kvalitet

Brukar/pårørandeforeininga som er oppretta i Institusjon og heimebaserte tenester omfattar og heimetenesta. Foreininga skal vera med å styrke samarbeidet, supplere med tilbod og vera eit bindeledd mellom det frivillige og offentlege tenestetilbodet kommunen kan gje.

Heimetenesta blir opplevd i heilheit som tilgjengeleg, med fagleg gode tenester, god informasjon, fokus på brukar-medverknad og individuelle behov hjå brukarane.

Det har vore eit auka fokus på betre pasientforløp i Øystre Slidre kommune. Eit tiltak for å oppnå betre pasientforløp er å få til ei god overføringsamtale mellom tilsette på sjukeheimen og heimeteneste, dersom ein tenestemottakar skal flytte frå eigen heim til sjukeheimen eller frå sjukeheimen til eigen bustad.

Det er viktig for kvaliteten på tenesta at det er tilstrekkeleg med dokumentasjon tilgjengeleg for alle som treng det.

Som eit utvida tilbod har Institusjon og heimebaserte tenester starta med prosjekt "Kvardagsrehabilitering" i heimetenesta. Det er no laga brosjyre om tenesta som vi verkeleg satsar på for fullt utover hausten 2015 og inn i 2016. For at brukaren skal nå sine mål i kvardagsrehabilitering/meistring er det store krav til både brukaren og heimetreneren i ei kort intensiv periode. Prosjektet blir ikkje ein erstattar for den tenesta som er i dag, men eit supplement med førebygging, meistring og rehabilitering som fokus.

Det viktigaste framover er å få til ei holdningsendring hjå både brukarar, pårørande og tilsette.

## Effektivitet

Det er stadig større andel av personane over 67 år som har omfattande pleiebehov. Det vert gjeve tenester til mange brukarar i kommunen. Halvparten av innbyggjarane over 80 år får tenester frå IHT. Kommunebarometeret viser at heimetenesta i Øystre Slidre er rimelig per mottakar.

Det er eit auka press på tenestene etter Samhandlingsreforma, då pasientar blir tidlegare utskrivne frå sjukehus og det er få plassar på sjukeheimen for rehabilitering.

Heimetenesta og systemkontoret ser fram til å starte samhandlinga med Valdres lokalmedisinske senter og gje innbyggjarane i Øystre Slidre eit endå betre og breiare tilbod lokalt. Dette blir ein ny samarbeidspart som vi ser fram til å kunne ha stor nytte av både som behandlingssjansar for pasientar, men og som kompetansesenter for tilsette i heimetenesta.

Heimetenesta må tidlegare på banen med førebygging og tiltak for heimebuande som er i fare for å utvikle sjukdom. Slike tiltak kan bidra til å redusere talet på sjukehusinnleggingar, og kan medføre at brukarane kan meistre å bu heime lenger.

## Medarbeidarar

Det er gledeleg å sjå at andelen med fagutdanna stadig aukar. Heimetenesta har no i stor grad fagutdanna personell i faste stillingar.

Dei tilsette uttrykkjer at dei har eit meningsfylt, variert arbeid, med stor grad av sjølvstendigheit og meistring. Det er tydeleg at dei tilsette er stolte av arbeidsplassen og arbeidet.

Det vil være eit stort behov for å behalde og rekruttere kompetente medarbeidarar framover, og kommunen har eit større fokus på kompetanseheving enn tidlegare gjennom felles undervisning, rettleiing og videokonferansar med andre samarbeidspartnarar. Satsingsområda er i første rekkje demens, palliasjon, kreft, diabetes og sår.

I tillegg ser ein at det vert stilt større krav til bruk av velferdsteknologiske løysingar i tenesta.

Øystre Slidre kommune gjekk i inngangen av nytt år over til digitale trygghetsalarmar over GSM-nettet. Alle tryggleiksalarmar blir no teke imot av tilsette i heimetenesta. Som ei sikkerheit går alarmen evt til 110-sentralen på Elverum dersom heimetenesta ikkje skulle vera i stand til å svare på det aktuelle tidspunktet.

Både nye tryggleiksalarmar og overgangen til mobilomsorg som skal gjennomførast i 2015, set større krav til interesse hjå dei tilsette for teknologiske løysingar i tenesteutøvinga enn tidlegare.

## Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt

## Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Kompetanse  
Bemanningsstetthet

## Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

"HEIMETENESTA MÅ TIDLIGARE PÅ BANEN MED FØREBYGGANDE TILTAK FOR HEIMEBUANDE SOM ER I FARE FOR Å UTVIKLE SJKDOM."

"BÅDE NYE TRYGGLEIKSALARMAR OG OVERGANGEN TIL MOBILOMSORG SOM SKAL GJENNOMFØRST I 2015, SET STØRRE KRAV TIL INTERESSA HJÅ DEI TILSETTE FOR TEKNOLOGISKE LØYSINGAR I TENESTEUTØVINGA ENN TIDLEGARE."

## HELSEAVDELINGA

## Nøkkeltal frå kommunebarometeret

”LEGEDEKNINGEN  
VAR OMTRENT  
UENDRET I FJOR,  
DEN ER LITT BEDRE  
ENN LANDS-  
GJENNOMSNI TTET.  
FASTLEGELISTEN ER  
HELT FULL.”

”DET ER FÅ  
INNLEGGELSER PÅ  
SYKEHUS FRA  
ØYSTRE SLIDRE.”

”FIRE AV FEM  
ELEVER HADDE  
HELSEUNDERSØKEL-  
SE INNEN  
UTGANGEN AV 1.  
SKOLETRINN. ALLE  
NYFØDTE HADDE  
HJEMMEBESØK  
INNEN TO UKER I  
FJOR.”

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
HELSE										
LEGEDEKNING: Andel legeårsverk per 10.000 innbyggere (15 % vekt innen sektoren)	2,8	2,6	2,6	2,5	2,5	161	166	184	198	199
LEGEDEKNING: Ledig plass på fastlegelistene, andel av totalt antall plasser (5 %)	1,1	1,1	1,2	1,2	1,2	327	314	312	330	333
HELSEØSTER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere under 5 år (10 %)	2,5	2,5	2,6	2,6	1,0	288	296	297	307	381
PSYKIATRISK SYKEPLEIER: Antall årsverk per 10.000 innbyggere (10 %)	1,0	1,0	1,0	2,1	2,2	377	376	377	300	305
INNLEGGELSER: Antall innleggelser på sykehus per 1.000 innbyggere (15 %)				5,8	5,3				31	77
SKOLEHELSE: Andel barn m fullført undersøkelse innen utgangen av 1. trinn (5 %)	5,3	6,0	6,0	4,9	2,8	255	1	1	255	356
HJEMMEBESØK: Andel hjemmebesøk, nyfødte innen to uker etter hjemkomst (5 %)	6,0	3,4	6,0	6,0	6,0	1	346	1	1	1
MEDISINBRUK: Diabetesmedisin, per 10.000 innbyggere (5 %)	4,5	4,5	4,8	5,0	4,8	130	122	100	74	98
MEDISINBRUK: Hjerter- og karmedisin, per 10.000 innbyggere (5 %)	5,7	5,6	5,9	6,0	6,0	44	43	24	26	20
MEDISINBRUK: Medisin psykiske lidelser (5 %)	4,0	4,0	4,1	4,4	4,3	166	160	150	120	133
MEDISINBRUK: Totalt alle legemidler (10 %)	1,5	1,6	1,5	1,6	1,6	365	361	368	356	349
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter forebygging, kr per innb - snitt tre år (10 %)	1,2	1,3	1,2	2,2	2,4	356	356	368	194	192

Årstillene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

## Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Nasjonalt: Legedekningen er stabil, og det samme er mengden ledige plasser på fastlegelistene. Oppdaterte tall for årsverk av andre grupper kommer først senere i år. Det er stor variasjon i innleggelser på sykehus, tallene her er oppskalert fra statistikk per 2. tertial. Fire av fem nyfødte har hjemmebesøk innen to uker, mens det nå er 95 prosent av alle barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn. Andelen her har økt klart det siste året.

## Om Øystre Slidre spesielt

Legedekningen var omtrent uendret i fjor, den er litt bedre enn landsgjennomsnittet.

Fastlegelisten er helt full. Tilbudet av helsesøster er under middels. Dekningen av psykiatrisk sykepleier er under middels.

Den samlede medisinerbruken blant innbyggerne er høy. Av de tre spesifikke kategoriene vi også har tatt med i barometeret, ligger bruken veldig lavt for hjerte- og karsykdommer.

Det er få innleggelser på sykehus fra Øystre Slidre. Fire av

fem elever hadde helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn. Alle nyfødte hadde hjemmebesøk innen to uker i fjor.

# Helseavdelinga

## Kvalitet

Helseavdelinga leverer gjenomgåande tenester av god kvalitet, men har utfordringar på kapasitet i enkelte av tenestene. Både på helsestasjonen og i psykisk helseteneste er bemanninga lågare enn nasjonale måltal.

Brukarane opplever tenestene som gode, basert på dei tilbakemeldingane vi har fått, sjølv om det ikkje finns talmateriale frå brukarundersøkingar på dette.

Helseavdelinga har god kompetanse. Dei aller fleste har relevant fagkompetanse og lang erfaring. Til dømes er alle legane spesialistar i allmenntidmedisin.

Helseavdelinga har generelt god tilgjengelegheit utan ventelister. Elektronisk samhandling er framleis eit felt som må jobbast med, både på tekniske løysingar og kompetanse.

Kommunen har i mange år scora lågt på legeårsverk per innbyggjar i kommunebarometeret, utan at legane sjølve meiner at dette er dramatisk. Ei stabil legeteneste med god oversikt over behovet teller positivt her. I tillegg har kommunen turnuslege i full stilling som dekkjer opp, men dette slår ikkje ut i statistikken.

Sjølv om det er lite ledig plass på fastlegelistene, får alle innbyggjarane legetenester. Nye innbyggjarar må likevel rekne med ventetid for å få plass på listene. Legekontoret gjev god service, sjølv om det til tider er stort press. Tenesta har eit godt omdømme.

Talet på heimebesøk hjå foreldre med nyfødde er gjenomført innanfor fristen på to veker, og kommunen har -

etter at kommunebarometeret vart publisert - også gjennomført helseundersøking for alle barn før 1. skuletrinn.

Kommunebarometeret viser at den totale legemiddelbruken er faretruande høg. Imidlertid baserer dette seg på gamle tal (frå 2012), og gjev difor ikkje eit påliteleg bilete over situasjonen per dato. Kommunebarometeret viser elles bra resultat på bruken av diabetesmedisin, hjerte- og karmedisin og medisin mot psykiske lidningar, men dette er også gamle tal.

Andelen innbyggjarar med psykiske symptom og lidningar i alderen 15-29 år er lågare enn landsnivået (vurdert etter data frå fastlege og legevakt).

Informasjonen har blitt betre med nettsider som fungerer og brosjyremateriell som er utvikla, om enn noko ulikt frå teneste til teneste.

Brukarmedverknad er eit utfordrande felt og det er ikkje velfungerande brukarorganisasjonar lokalt i alle brukargrupper. I møte med tenestene er brukarane tekne med på råd før behandling eller tilbod vert sett i gang.

Større fokus på rapporteringar til sentrale myndigheter stel stadig meir tid frå tenestene.

## Effektivitet

Kommunebarometeret viser at kommunen bruker lite pengar på kommunehelse per innbyggjar.

Helseavdelinga dekkjer eit stort spekter av tenester. Nytt i fjor var treningsrommet som har vori ein suksess med over 200 treningskort selde. Vin-

destogo har fått styrka personellet med ei 50% stilling, noko som gjer at opningstida har auka noko. Frisklivssentra- len har auka stilling for rettleiarar med 20%, og kan no gje tilbod og tenester til fleire.

Kommunen har store svingingar i folketal med mange fritidsbustader og turisme, noko som belastar legetenestene ekstra i periodar. Installasjon av betalingsautomat på legekontoret har frigjort ressursar til pasientbehandling.

Psykisk helseteneste har framleis eit behov for meir tid til administrasjon og til å følge opp unge.

Bemanninga er ok men ser at enkelte tenester har utfordringar.

## Medarbeidarar

Det er god trivsel hjå medarbeidarane i Helseavdelinga, der Arbeid og aktivitet er i ei særstilling.

Helseavdelinga er fragmentert og arbeidsmiljøutfordringane varierer på dei ulike arbeidsplassane. Det vil bli sett i verk tiltak for å hjelpe til med dette. Det vert m.a. jobba med å få samlokalisert afdelinga meir for å skapa større samhandling.

Avdelinga har personell i utvikling, spesielt tenester knytt til barn og unge har fått større fagkompetanse gjennom kurs og etablering av tverrfaglig team.

Leger og fysioterapeut samlar kompetanse gjennom kurs for å oppretthalde spesialiteten. Det nyoppretta dagtilbodet Vindestogo har bygd kompetanse på demens.

## Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt

## Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemanningstetthet

## Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

”NYTT I FJOR VAR  
TRENINGSROMMET  
SOM HAR VORI EIN  
SUKSESS MED OVER  
200 TRENINGSKORT  
SELDE.”

”HELSEAVDELINGA  
ER FRAGMENTERT  
OG ARBEIDSMILJØ-  
UTFORDRINGANE  
VARIERER PÅ DEI  
ULIKE  
ARBEIDSPASSANE.”

## Barneverntenesta

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
<b>BARNEVERN</b>										
ÅRSVERK: Stillinger med fagutdanning, per 1.000 barn 0-17 år (20 % vekt i sektoren)	2,7	2,4	2,7	2,3	2,6	182	249	214	277	228
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser m behandlingstid over 3 mnd	1,3	1,0	4,2	1,0	2,9	388	395	195	382	329
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid over 3 mnd, snitt siste fire år (15 %)	1,0	1,0	1,2	1,2	1,6	367	368	351	349	339
UTARBEIDET PLAN: Andel barn med utarbeidet plan (7,5 %)	6,0	4,9	5,4	6,0	5,0	1	191	104	1	148
UTARBEIDET PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste fire år (7,5 %)	1,6	2,2	3,8	5,8	5,3	361	344	258	36	80
TILTAK I HJEMMET: Andel saker med tiltak i hjemmet (10 %)	5,1	6,0	4,0	1,8	6,0	41	1	117	372	1
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste (5 %)	3,1	3,2	3,1	3,1	2,7	130	109	114	146	156
SAKSBEHANDLING: Avsluttede undersøkelser, per årsverk knyttet til saksbehandling og adm. (5 %)	3,1	3,1	3,6	2,0	1,9	130	109	169	279	322
INTERNKONTROLL: Innført (10 %)	6,0	6,0	6,0	6,0	6,0	1	1	1	1	1
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste fire år (5 %)	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	149	147	166	162	187

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

”BEMANNINGEN I BARNEVERNET BLE EN GOD DEL BEDRE I FJOR.”

”FIRE AV TI SAKER TOK MER ENN TRE MÅNEDER Å BEHANDLE I FJOR.

### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

*Nasjonalt: Bemanningen i barnevernet fortsetter å bli bedre, for tredje året på rad øker den betydelig. Det kan være en forklaring på at andelen fristbrudd har gått litt ned – fra 25 til 21 prosent det siste året. Det er også nå ganske få barn som mangler en utarbeidet plan.*

*Generelt: Hvis kommunen er med i et interkommunalt barnevernsamarbeid, er det viktig at rapporteringen likevel viser situasjonen for kommunens egne barn. Ellers blir det umulig for kommunen å vurdere om kvaliteten på det tjenesten leverer, er god nok.*

”NI AV TI BARN I BARNEVERNET HAR EN UTARBEIDET PLAN. SNITTET FOR LANDET ER 83 PROSENT.”

### Om Øystre Slidre spesielt

*Bemanningen i barnevernet ble en god del bedre i fjor. Kommunen har likevel en litt lav bemanning, målt mot resten av landet. Fire av ti saker tok mer enn tre måneder å behandle i fjor. Halvparten av sakene de*

*siste fire årene har tatt mer enn tre måneder å behandle.*

*Ni av ti barn i barnevernet har en utarbeidet plan. Snittet for landet er 83 prosent.*

*Vi har ikke oppdaterte tall for hvor stor andel av sakene som har tiltak i hjemmet.*

*Brukerne blir ikke spurt, ifølge kommunens egne opplysninger. Hvorfor ikke?*

# NAV (Økonomisk sosialhjelp)

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
<b>SOSIALHJELP</b>										
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 % vekt innen sektoren)	3,6	3,4	4,3	4,6	5,2	185	184	127	78	61
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 25 og 66 år (10 %)	3,8	3,6	3,2	2,0	2,3	194	212	244	333	316
STØNADSTID: Andel som går over 6 måneder på stønad (10 %)	3,7	3,9	3,6	2,1	2,4	183	164	191	296	277
ØKONOMI: Andel av mottakerne som har sosialhjelp som hovedinntektskilde (10 %)	5,4	5,5	4,7	4,7	4,2	45	43	80	98	120
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av de som går over 6 mnd på sosialhjelp (10 %)	1,0			1,5		291			180	152
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Brukere som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakere (10 %)										
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	3,8	5,1	1,6	3,9	3,9	233	125	357	226	226
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)										
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter til veiledning og sosialt forebyggende arbeid - per mottaker (5 %)	1,0	1,7	2,8	1,0	1,0	406	325	148	414	404
AKTIVITET: Netto driftsutgifter til kvalifiseringsprogrammet per bruker (5 %)				3,9		29	24	25	79	417
KRISESENTER: Totale kostnader til krisesenter, per innbygger (10 %)		3,9	3,1	3,4	3,2		163	210	223	229

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

## Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Nasjonalt: Det ble flere sosialhjelpsmottakere i fjor. Samtidig ble det klart flere som går lenge på sosialhjelp; andelen som fikk støtte mer enn 6 måneder i fjor økte med over 5 prosent. Bruken av individuell plan har gått betydelig ned; antallet som har en slik plan har falt med nærme- re 20 prosent på ett år.

## Om Øystre Slidre spesielt

Stønadstiden for de yngste er kort. Tiden på stønad var ganske stabil i fjor. De eldre mottakerne går litt lenge på stønad. Denne gruppa går også om lag like lenge på stønad som før. Drøyt en av tre går mer enn 6 måneder på stønad. Drøyt en av tre

mottakere har sosialhjelp som hovedinntekt, litt lavere enn normalen i Kommune-Norge.

Det er først og fremst gruppa av langtidsmottakere vi måler mot; både gjeldsrådgivning, kvalifiseringsstønad og individuell plan er sett opp mot langtidsmottakere. Vi kjenner ikke til om kommunen bruker

individuell plan som verktøy. Vi har ikke data for hvor stor andel som fikk økonomiråd.

Få mottakere har fått kvalifi- seringsstønad. Vi ser nå også på innsatsen hva gjelder kri- sesenter, målt som penge- bruk. I Øystre Slidre var pengebruken i fjor omtrent som i normalkommunen.

## NAV

Talet på personer om føler seg respektfullt behandla i NAV er aukande, og stadig fleire seier dei får god informasjon.

Det fysiske miljøet er best på hovudkontoret på Fagernes. I Øystre Slidre sin del er det behov for å finne løysing på etablering av rømningsveg.

Medarbeidarane melder om god trivsel, men tendensen er negativ for 2014. NAV for-

klarar dette med hyppig skifte av leiarar i året.

Det er ei rekneskapsmessig mindreforbruk på kontordrif- ta på 12%. Når det gjeld tiltak, er det eit mindreforbruk på 10% for Øystre Slidre kommune sin del i 2014.

"DE ELDRE MOTTAKERNE GÅR LITT LENGE PÅ STØNAD."

"FÅ MOTTAKERE HAR FÅTT KVALIFISERINGS- STØNAD."

"DET FYSISKE MILJØET ER BEST PÅ HOVUDKONTORET PÅ FAGERNES. I ØYSTRE SLIDRE SIN DEL ER DET BEHOV FOR Å FINNE LØYSING PÅ ETABLERING AV RØMNINGSVEG."

# Miljøtenesta

## Kvalitet

Selvbestemmelse  
Trivsel  
Trygghet  
Brukermedvirkning  
Respektfull behandling  
Informasjon  
Helhetsvurdering

## Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemanningsstetthet

## Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

"AVDELINGA HAR HATT TILSYN FRÅ FYLKESMANNEN I MARS I ÅR PÅ TO TILTAK. VI HAR FÅTT SÆRS GODE TILBAKEMELDINGAR DERIFRÅ."

### Generelt

Miljøtenesta har ingen medarbeidar- eller brukarundersøking nyare enn frå tidleg på året i 2014. Det finst heller ikkje relevante KOSTRA-tal for tenesta.

### Kvalitet

Svara på brukarundersøkinga i 2014 frå pårørande/ brukarrepresentant syner at ut i frå ei heilskapleg vurdering er brukarane særst godt nøgde med tenestene. Brukarane opplever høg grad av tryggleik og får forståeleg informasjon.

Tilgjengelegheita til tenestene blir vurdert til å være svært god, med tilpassa tenester til den einskilde brukar og - i stor grad - fleksible løysingar.

Det er god brukarmedverknad innan dei rammene tenesta har. Alle brukarane har verje. Det kjem fram at det er auka og høg grad av brukarmedverknad både i det dagleg og i arbeidet med planar. Brukarane opplever høg grad av autonomi og trivsel, særst viktig for dei er tilbodet på Aktivitetshuset/Skogprodukt.

Avdelinga har hatt tilsyn frå Fylkesmannen i mars i år på to tiltak. Vi har fått særst gode tilbakemeldingar derifrå.

I 2014 vart det etablert avlastingsbustad for born ved Brennebakkin.

### Effektivitet

Det er vanskeleg å finne godt samanlikningsgrunnlag for driftsutgiftene i Miljøtenesta. Dette både for at rapportering til KOSTRA skjer saman med heimetenesta, og fordi omfanget av tenester varierer mykje frå kommune til kommune.

Vi opplever å ha eit breitt omfang av tenester samanlikna med andre kommunar.

Det er liten grad av eigenbetaling i Miljøtenesta, og det er ein sosial profil på prisane.

Miljøtenesta har framleis ein del ufaglærde arbeidstakarar, dels i små stillingar. Det er tilsett ein ny vernepleiarar i avdelinga på etterjuls vinteren 2015. Dette aukar den fagleg kompetansen. Det er likevel viktig å oppretthalde utdanningstilbodet for vernepleiarar lokalt.

Miljøtenesta har og oppdrag ute i bygda, også til nye brukargrupper, der vernepleiefagleg kompetanse er

etterspurt i aukande grad.

Bemanningsstettheita i tenesta er relativt høg, hovudsakleg grunna bustadar med 1:1 bemanning, det er og generelt høgt timetal per brukar i avdelinga.

### Medarbeidarar

Dei fleste arbeidstakarane trivst godt i avdelinga. Frå tid til anna blir tema rundt arbeidsmiljø løfta fram, for å minna kvarandre på den einskilde sitt ansvar for at alle skal ha det godt på jobb.

Mange opplever å lære mykje gjennom jobben, og at det blir lagt til rette for opplæring og kurs. Miljøtenesta har inngått tett samarbeid med spesialisthelsetenesta. Dette gjev mykje læring og auka fagleg innsikt. Det er også godt tverrfagleg samarbeid om tiltak innan kommunen.

Nye elektroniske løysingar blir tekne i bruk. Dette gjeld både utvikling av eksisterande programvare og innføring av nye program.

Nye brukargrupper krev ny kunnskap.



Brennebakkin. Foto: Astrid Aavok

# TEKNISK DRIFT

## Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

(vatn, avløp og renovasjon)

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
VANN, AVLØP OG RENOVASJON										
GEBYR: Årsgebyr, vann, avløp, renovasjon og feiing (15 % vekt innen sektoren)	3,0	2,9	2,7	2,5	2,9	270	285	287	322	289
VANNFORBRUK: Snitt forbruk per tilknyttet innbygger (15 %)	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	328	281	340	317	229
VANNLEKKASJE: Estimert lekkasje per meter ledning per år (15 %)	5,5	4,9	4,2	4,5	4,4	104	135	186	180	133
STYRING: Andel av husholdningene med vannmåler (15 %)	5,6	5,6	5,7	5,7	5,7	58	60	61	57	65
FORNYING: Andel fornyet vannledningsnett siste tre år (10 %)	6,0	6,0	5,3	3,2	3,4	11	14	29	83	62
FORNYING: Andel fornyet spillvannnett siste tre år, avløp (10 %)	2,5	2,5	2,1	1,8	1,3	92	114	133	166	205
ALDER: Beregnet snittalder for vannledningsnett (5 %)	6,0	6,0	5,2	5,1	5,1	15	11	40	46	37
ALDER: Beregnet snittalder for spillvannnett (5 %)	5,0	4,9	5,1	4,9	4,9	67	66	54	60	67
VALGMULIGHET: Antall muligheter for å påvirke renovasjonsgebyr (10 %)				2,0	2,0				251	250

Årstillene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Sektoren er lavt vektet i det samlede barometeret. Nøkkeltallene skal gi et inntrykk av tilstanden innenfor de viktigste selvkostområdene.

I likhet med andre lavt vektete sektorer, er det til dels mangel på data fra kommunene. De som ikke har rapportert får karakteren 3,5 i tabellene.

Hvis årsgebyrene er høye lekkasjene er mange og ledningsnettet ikke blir fornyet, vil det gi et bilde av at kommunen kan forbedre seg. For de fleste vil selvsagt bildet være langt mer nyansert enn som så.

Vi har gjort noen mindre endringer i sektoren og inkludert bruk av vannmåler samt muligheter for å påvirke renovasjonsgebyret. Et poeng i sektoren er at det bør være et riktig forhold mellom kostnader og tilstanden på ledningsnettet. For eksempel har en del av de største kommunene relativt lave avgifter og veldig store vannlekkasjer. Motsatt har en god del kommuner veldig høye avgifter, samtidig som de i veldig liten grad fornyer ledningsnettet.

Årsgebyret i seg selv må ikke nødvendigvis være lavt, selv om lave gebyrer gir best uttelling her. Det er særlig kombinasjonen av gebyrenes størrelse og de andre faktorene, som er interessante. Hvorfor betale mye hvis det samles inn lite søppel og det ikke investeres i infrastrukturen?

Beregnet snittalder er et usikkert tall, først og fremst i de kommunene der mye av nettet har ukjent alder (i praksis nett med svært høy alder). I noen få kommuner kan snittalderen ha endret seg mye i løpet av ett år, det skal henge sammen med at andelen nett med ukjent alder har gått ned.

## Teknisk drift

”FORDI VATN IKKJE BLIR REKNA SOM TILSTREKKELEG HYGIENISK NÅR DET BLIR HENTA FRÅ ELV (KOLSTAD VASSVERK), SCORAR KOMMUNEN GULT PÅ ”HYGIENISK DRIKKEVANN.”

”HOVUDMÅLET FRAMOVER BLIR Å AUKE TALET PÅ ABONNENTAR VED Å KONVERTERA FRÅ SEPARATE AVLAUPSANLEGG TIL OFFENTLEG NETT.”

### Kvalitet

Kommunen har, saman med 75 andre kommunar, teke i bruk Norsk Vann sitt måle- og vurderingsverktøy; ”Bedre VA”.

Fordi vatn ikkje blir rekna som tilstrekkeleg hygienisk når det blir henta frå elv (Kolstad vassverk), scorar kommunen gult på ”Hygienisk drikkevann”

Det er også for høg lekkasje på private stikkleidningar.

På avløpsida, har reinsekretet for organisk materiale vorte overskride på Nedrefoss.

I talmaterialet frå Kommunebarometeret er det elles fleire

tal som viser raud farge:

- årsavgift renovasjon og VA
- del av hushaldningsavfall som er usortert

Desse parameterane viser ein negativ trend. Det er Valdres Kommunale Renovasjon (VKR) som rapporterer tala for avfall, og kommunen har ingen god forklaring på den negative trenden.

Innbyggjarundersøkinga (gjennomført i 2013) viser at dei fleste meiner dei blir mottekne på ein god måte i kontakt med kommunen.

Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og etterkvart er også fleire meir faste brukarar av e-post.

På dagtid er det lett å få kontakt med sentralbordet i kommunen, og vaktordninga innanfor VA-tenesta gir 100% tilgjenge for publikum.

Informasjon innanfor teknisk drift, ligg på fleire ”nivå”. Internt, og mot brukarane av

kommunale bygg, er informasjon og dialog i positiv utvikling.

Når det gjeld klagebehandling og svar på spørsmål om fakturering, er det eit mål å få dette i betre system med ny organisering.

Innan vaktmeister- og reinholdstenesta har dei tilsette ein god dialog med leiarane på dei enkelte tenestestadene.

Avdelinga leverer gode tenester, det er godt kvalifiserte tilsette og fleire er i ferd med å skaffe seg meir formell kompetanse.

### Effektivitet

Ut frå KOSTRA-tal er driftsutgiftene relativt høge, dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. Med nye skulebygg er dette kanskje overraskande, men sjølv om bygga er nye og betre, er det mykje ”teknikk” i nye bygg som skal driftast.

ØSUS er eit eldre bygg, og ENØK-tiltak her må prioriterast i åra framover.

Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det valt prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar.

Driftsutgifter for kommunale vegar vil variere stort som følgje av varierende snømengde. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade medfører og høgare driftsutgifter.

Omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved eventuelle endringar i tenestenivået.

Kommunebarometeret viser at ein liten del av innbyggjarane er knytt til offentlege vass- og avløpsanlegg. Vindin vassverk er privat, og leverer vatn til mange i midtre del av kommunen. Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, dei fleste av desse er reiselivsbedrifter og fritidseigedommar.

Kommunen har få abonnentar samanlikna med landsgjennomsnittet, dette har samband med at gjennomsnittet for landet ikkje reknar med fritidseigedommar, som kommunen har mange av.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avlaup. Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg, og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnett. Sjølv om inntektene har vore gode i samband med høg byggeaktivitet, er nivået på gebyra relativt høgt samanlikna med andre kommunar i landet.

Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar ved å konvertera frå separate avlaupsanlegg til offentleg nett.

### Medarbeidarar

Sjølv om fleire tilsette er i ferd med å få betre kompetanse, er det framleis ynskje om kursing. Generelt er kommunen opptatt av å tilføre kompetanse til sine medarbeidarane og vil utvikle dette framover.

## PLANADELINGA

### Generelt

Kommunen har samla alle planressursar i ei avdeling og på den måten fått auka kapasitet til å gjennomføre kommunen sine planoppgåver. Kommunen har ikkje etterslep på behandling av private framlegg til reguleringsplanar.

Det er vedtekne klima- og energiplanar der det er nedfelt mål om reduksjon av klimagassutslepp, men kommunen er ikkje god nok til å synleggjere ein handlingsretta innsats på dette området.

Kommunen blir innan arealplanlegging målt på kor mykje rekreasjons- og friluftsområde vi har. Sidan Øystre Slidre er ein typisk landkommune er mykje friområde og tilrettelagte skiløyper m.v. ikkje regulert gjennom flateplanar. Vidare har dei eldste bustadområda i kommunen ikkje reguleringsplanar som inngår i digital planbase. Difor vert tal som skal syne kommunen sin vektlegging av tilrettelagde friområde, leike- og rekreasjonsareal misvisande. Det bur få innbuarar i tettstader i vår kommune i høve til snittet i landet.

Innbyggjarundersøkinga frå i fjor indikerer at det er etter-

spurnad etter treffpunkt og aktivitetsområde i nærmiljøet utover reine leikeareal. Innbyggjarundersøkinga viser også at det er eit sterkt ynskje om gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51 gjennom store delar av kommunen.

Det har vore lite utvikling i sentrum av Heggnes og Beitostølen dei seinare åra.

Avgangen av dyrka mark er ikkje stor i Øystre Slidre kommune, men innbyggjarundersøkinga kan tyde på at vi ikkje gode på å synleggjere ein aktiv politikk på dette området.

Det er kjent at einslege og unge i etableringsfasen etter spør gjennomgangsleilegheter og at utbodet av dette er lite.

### Kvalitet

Den nye planavdelinga med sin breie faglege samansetnad har potensiale til å levere god kvalitet i planarbeidet.

Kundane er ofte profesjonelle planleggjarar engasjert av utbyggjarar. Kommunen forsøker å være smidige og "ubyråkratiske" i dialogen med denne kundegruppa. Vidare er kommunen sjølv bestillar av planarbeid.

Avdelinga er open og tilgjengeleg for alle som har spørsmål innan planarbeid. Det er lovpålagde krav til at kommunale planar skal vere tilgjengelege. Det same gjeld all korrespondanse i pågåande planarbeid. Kommunen har framleis ein jobb å gjere med å få dette synleg m.a. på nettsider.

### Effektivitet

Det er vesentleg menneskeleg ressursar kommunen legg inn i dette tenesteområdet, dvs. lønskostnader.

Gebyrregulativet er justert i.h.t. ny plan- og bygningslov der det er markert at ein større del av planarbeidet er eit kommunalt ansvar. Gebyra er difor justert *ned* vesentleg i høve til tidlegare.

Det har aldri vore så mange tilsette knytt til planarbeid i Øystre Slidre som no.

### Medarbeidarar

Alle på avdelinga har høg kompetanse innan eit breitt fagfelt. Fagleg oppgradering innan planfag og lovverk må skje kontinuerleg.

Ny organisering med nye arbeidsoppgåver gir høve til ny eigenutvikling og fagleg oppdatering.

"DET BUR FÅ  
INNBUARAR I  
TETTSTADER I VÅR  
KOMMUNE I HØVE  
TIL SNITTET I  
LANDET."

"DET HAR VORE LITE  
UTVIKLING I  
SENTRUM AV  
HEGGENES OG  
BEITOSTØLEN DEI  
SEINARE ÅRA."

**Tidenes tomtesal!**  
Ledige bustadtomter i  
Øystre Slidre kommune

- Solhauglie
- Volbu
- Løkjeskogen
- Beitohagin
- Klyppemyrhaugen

Meir informasjon: [www.oystre-slidre.kommune.no](http://www.oystre-slidre.kommune.no)

# NÆRING OG BYGGESAK

## Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

Karakter og plassering	6 = Best. 1 = Dårligst. Over 3,5: Nærmere de beste enn de svakeste					Plassering				
	KB 2011	KB 2012	KB 2013	KB 2014	KB 2015	2011	2012	2013	2014	2015
<b>SAKSBEHANDLING</b>										
FRISTBRUDD: Andel byggesaker med overskredet frist (20 % vekt innen sektoren)	6,0	2,7	1,0	5,3	4,7	1	335	369	222	286
ETT-TRINNS SØKNADER (3 ukers frist): Behandlingstid (20 %)			1,1	3,6	5,4			349	299	47
BYGGESAK: Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (20 %)			1,7	5,0	3,1	270		333	115	269
EIERSEKSJONERING: Behandlingstid (20 %)				5,9	4,8			1	48	131
REGULERINGSPLANER: Saksbehandlingstid (10 %)	2,0	4,9				254	113			
OPPMÅLINGSFORRETNING: Saksbehandlingstid (10 %)				4,3	5,1				156	93

Årstallene henviser til det året Kommunebarometeret er publisert.

”NØKKELTALLENE BØR  
GI EN INDIKASJON PÅ  
OM KOMMUNEN ER  
RASK ELLER TREG HVA  
GJELDER BEHAND-  
LING AV BYGGE- OG  
REGULERINGSSAKER,  
SOM MÅ KUNNE REG-  
NES SOM NOEN AV  
DE VIKTIGSTE SØKNA-  
DENE SOM KOMMER  
INN.”

### Innleiande merknader frå Kommunal Rapport (gjeld saksbehandling generelt)

Sektoren er lavt vektet, og vi er usikre på kvaliteten på tallene. Mange kommuner har ikke levert data, og det er all grunn til å stille spørsmål ved kommuner som ikke klarer å rapportere som de skal. Det er samtidig viktig å vise fram tallene, og det må være kommunenes ansvar å få høyere kvalitet på rapporteringen.

En annen utfordring er at det finnes svært få tall for saksbehandlingstid i Kommune-Norge. Eierne (innbyggerne) får nesten aldri vite hvor lang tid det tar å få en sak behandlet. I all hovedsak kommer saksbehandlingstid bare fram knyttet til tekniske tjenester.

Nøkkeltallene bør gi en indikasjon på om kommunen er rask eller treg hva gjelder behandling av bygge- og reguleringssaker, som må kunne regnes som noen av de viktigste søknadene som kommer inn.

Vi har brukt seks nøkkeltall i år, men er fortsatt litt skeptiske til datakvaliteten. Andel søknader som tok lengre tid enn loven forutsetter økte fra 5 til 8 prosent i fjor – det høyeste SSB har registrert. Av de seks nøkkeltallene er det denne indikatoren som har klart mest negativ utvikling.

## Forenkling i byggesaksforskrifta frå 1. juli 2015



Som kjent ynskjer Regjeringa å gjera det enklare å utføre tiltak på bebygd eigedom. Frå 1. juli kan ein utføre ymse tiltak utan søknad og nabovarsel. Det er mange føresetnader som må vera på plass før ein kan come inn under dei nye reglane.

Kommunen ser det difor som svært viktig at det vert gjeve god informasjon om kva som kan byggast etter nye reglar og ikkje. Med dette håpar ein at ein kan redusere feil og mistydingar i høve til reglane.

På kommunen sine nettsider finn du lenkjer til nyttig informasjon.

# Næring og byggesak

## Kvalitet

Avdelinga har ansvar for handsaming av byggesaker, oppmåling og næringsarbeid, samt forvaltning av kommunens ulike miljøoppgåver.

Rask handsaming av byggesaker er høgt prioritert, då dette har stor betydning for kommunen sitt næringsliv. Enkle byggesøknadar med 3 veker sakshandsamingsfrist blir nokre gonger lagt til side i dei travlaste periodane, då dette ikkje hindrar byggestart. Difor får kommunen låg score på dette feltet i Kommunebarometeret. Det er eit mål å betre dette, sjølv om det ikkje betyr så mykje for opplevd kvalitet hos brukarane.

Endringar i Bygningslova for enkle bygg vil truleg gje kommunen ein del nye og andre utfordringar.

Kommunen er tilsynsmynde i byggesaker, og er i ferd med å utarbeide eit forslag til tilsynsstrategi, som skal gjere dette arbeidet meir effektivt og målretta.

Kommunen er i spiss i Valdres med omsyn til kvalitet på mat, rikkel, kart og oppmåling. Likevel har vi meir enn 700 såkalla "sirkeleigedomar" med uklare grenser. Kommunen har i sommar gått ut med tilbod om oppmåling av slike eigedomar i enkeltområder, då gode grenser er viktig m.a. for sakshandsaming.

Av kommunane i Valdres ligg Øystre Slidre på topp når det gjeld utbyggingssaker i landbruket, både når det gjeld tal på saker og økonomisk omfang. Talet på husdyr har ei tilfredstillande utvikling.

Grunna rovviltsituasjonen har kommunen etablert ei ordning

med kommunalt beitetilsyn. Vi har og ein bemanna beredskapstelefon der folk kan melde om skadde dyr eller andre observasjonar.

Når det gjeld næringsutvikling generelt er det viktig å være på framfot. Generell bedriftsrådgjeving skal utførast av Valdres næringshage, men vi ser at ei meir offensiv holdning frå kommunen blir sett stor pris på. Generelt er det avdelinga si erfaring at finansieringsmoglegheitene som ligg i Innovasjon Norge er for dårleg kjent og utnytta hjå dei næringsdrivande.

Øystre Slidre kommune sin visjon "Rein Naturglede" gjev elles sterke føringar for ei rekke av dei oppgåvene som næring og bygg har ansvar for. Kommunen arbeidar saman med næringslivet og frivillige for stadig å utbetre, vedlikehalde og drifte løypenettet slik det er skissert i kommunens planverk.

## Effektivitet

Det finst ikkje KOSTRA-tal som evaluerer kommunen sine kostnader på dei felte som avdeling for næring og byggesak arbeidar med. Bemanninga har vore mindre enn budsjettet, m.a. grunna vakante stillingsheimlar.

På andre felt blir det arbeidd med effektiviseringstiltak. Her er allereie nemnt arbeidet med tilsynsstrategi. Når det gjeld løypeproduktet, ser vi at det er naudsynt med klarare prioriteringar av kva for trasear ein vil satse på. Tydelege signal gjer det lettare å nøre opp under den store dugnadsånden som rår med omsyn på løypeproduktet m.a. i løype-laga. For å effektivisere

sakshandsaming og rett prioritering, ynskjer ein å innføre felles søknadsfrist for alle tiltak knytt til kommunens løypeprodukt. Vidare vil kommunen ha ein tettare dialog og stille krav om ei klarare prioritering frå næringa om kva kommunen sine midlar til næringsutvikling skal nyttast til.

Generell rådgjeving og informasjonsarbeid om næringsutvikling samt innføring av systematiske møter mellom dei ulike organiseringar på næringsområdet er og tiltak som kan auke effektiviteten i arbeidet vårt.

Avdelinga har eit effektiviseringspotensiale i å bli betre på å formalisere og kollektivisere informasjonsarbeidet.

## Medarbeidarar

Det er generelt særst høg kompetanse hjå dei tilsette i avdelinga. Det er gjerne nok så spesifikke fagkrav i dei ulike funksjonane, slik at overlapping i ein del høve er vanskeleg. Dette gjev ein del utfordringar ved sjukdom og ferieavvikling.

Vakanse i ei heil stilling merkast. Det blir då lett konflikt mellom det som *må* gjerast og det som *kan* gjerast.

Avdelinga har elles som ambisjon å effektivisere saksbehandlingssprosessen i bygge- og delingssaker, og er godt i gang med dette. Saksbehandlingstida meiner vi har gått en god del ned allereie. Kommunen skal også møte utfordringane som ligg i utforminga av ny bygningslov.

Det er et generelt mål i avdelinga å arbeide kontinuerlig for å frigjera ressursar til innovativ tenking og utvikle våre «produkt».

## Kvalitet

Resultat for brukerne  
Respektfull behandling  
Tilgjengelighet  
Informasjon  
Brukermedvirkning  
Generelt

## Effektivitet

Driftsutgifter  
Omfang av tjenesten  
Egenbetaling  
Kompetanse  
Bemanningstetthet

## Medarbeidarar

Trivsel  
Utvikling

"KOMMUNEN ER TILSYNSMYNDE I BYGGESAKER, OG ER I FERD MED Å UTARBEIDE EIT FORSLAG TIL TILSYNSSTRATEGI, SOM SKAL GJERE DETTE ARBEIDET MEIR EFFEKTIVT OG MÅLRETTE."

"AV KOMMUNANE I VALDRES LIGG ØYSTRE SLIDRE PÅ TOPP NÅR DET GJELD UTBYGGINGSSAKER I LANDBRUKET, BÅDE NÅR DET GJELD TAL PÅ SAKER OG ØKONOMISK OMFANG."



**Øystre Slidre kommune**

REIN NATURGLEDE !

Øystre Slidre kommune  
Bygdinvegen 1989  
2940 Heggenes

Telefon: 61 35 25 00

Telefaks: 61 35 25 01

E-post: [post@oystre-slidre.kommune.no](mailto:post@oystre-slidre.kommune.no)

---

**Besøk våre internettsider:**

**[www.oystre-slidre.kommune.no](http://www.oystre-slidre.kommune.no)**

---